

Notat 2008–11

## **Verdiskaping i jordbruket i Aust- og Vest-Agder**

**Ane Margrethe Lyng  
Torbjørn Haukås  
Rune Ommedal**



---

<b>Tittel</b>	Verdiskaping i jordbruket i Aust- og Vest-Agder
<b>Forfattarar</b>	Ane Margrethe Lyng, Torbjørn Haukås, Rune Ommedal
<b>Prosjekt</b>	Verdiskaping i landbruket i Aust-Agder (A899)
<b>Utgjevar</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
<b>Utgjevingsstad</b>	Oslo
<b>Utgjevingsår</b>	2008
<b>Tal sider</b>	67
<b>ISBN</b>	078-82-7077-713-6
<b>ISSN</b>	0805-9691
<b>Emneord</b>	verdiskaping, jordbruket, tilleggsnæring, sysselsetting, ringverknad, fellesgode, Aust-Agder, Vest-Agder

---

## Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

I Jordbruksavtalen for 2004 vart det vedtatt ei endring i BU-ordninga. Dette innebar at fylkesmannen frå 2005 fekk meir ansvar med å koordinere utforminga av strategiar for jordbruksrelatert næringsutvikling. I samband med strategiarbeidet i fylka, har det ofte vist seg nyttig å synleggjere verdiskapinga i jordbruket for politikarar, men også som støtte for forvaltninga, rådgivarar og næringsutøvarar. Synleggjeringa kan og vere til opplysning for andre interesserte.

Etter oppdrag frå Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder har NILF berekna verdiskapinga i jordbruk og tilleggsnæring i Agder. I dette notatet har vi rekna på verdiskapinga i jordbruk og tileggsnæring til jordbruk for Aust-Agder og Vest-Agder fylke. Resultata må tolkast med varsemnd fordi dei det er knytt uvisse til tala.

Knut Skarsem og Kjell Staven har gjort berekningar på grunnlag av produksjonstilskotsregisteret. Erland Kjesbu har tilpassa modellen til Agder-fylka, laga grunnlaget for metode og resultat, og vore ein uunnverleg støttespelar i arbeidet med modellen. Anastasia T. Olsen har laga figurane i notatet. Rune Ommedal, Torbjørn Haukås og Ane Margrethe Lyng har skrive notatet, og sistnemnde har også vore prosjektleiar. Agnar Hegrenes har vore kvalitetssikrar, og Anne Bente Ellevold har klargjort notatet for trykking.

Ei stor takk til alle informantar som har gjeve oss gode opplysningar om produksjonar og omfang.

Oslo, april 2008  
Ivar Pettersen



# Innhold

---

SAMANDRAG .....	1
1 INNLEIING .....	3
1.1 Bakgrunn for prosjektet.....	4
1.2 Tidlegare undersøkingar.....	4
1.3 Formål med prosjektet.....	4
1.4 Om berekningane .....	4
1.5 Vidare bruk av modellen .....	5
2 GRUNNLAG FOR JORDBRUKSDRIFT I AUST- OG VEST-AGDER .....	7
3 FAKTA OM KOMMUNANE I AGDER.....	11
3.1 Kommuneomtale, Vest-Agder .....	11
3.1.1 Audnedal .....	11
3.1.2 Farsund.....	11
3.1.3 Flekkefjord.....	12
3.1.4 Hægebostad.....	12
3.1.5 Kristiansand .....	12
3.1.6 Kvinesdal .....	13
3.1.7 Lindesnes .....	13
3.1.8 Lyngdal .....	13
3.1.9 Mandal .....	14
3.1.10 Marnardal.....	14
3.1.11 Sirdal.....	14
3.1.12 Vennesla.....	14
3.1.13 Songdalen.....	15
3.1.14 Søgne.....	15
3.1.15 Åseral .....	15
3.2 Kommuneomtale, Aust-Agder .....	16
3.2.1 Risør.....	16
3.2.2 Grimstad.....	16
3.2.3 Arendal.....	16
3.2.4 Gjerstad.....	17
3.2.5 Vegårshei .....	17
3.2.6 Tvedestrand.....	17
3.2.7 Frøland .....	18
3.2.8 Lillesand.....	18
3.2.9 Birkenes .....	18
3.2.10 Åmli .....	18
3.2.11 Iveland.....	19
3.2.12 Evje og Hornes.....	19
3.2.13 Bygland .....	19
3.2.14 Valle.....	20
3.2.15 Bykle.....	20
4 METODE OG TERMINOLOGI .....	21
4.1 Definisjonar .....	21

4.1.1	Definisjon av verdiskaping og bruk av omgrep.....	21
4.1.2	Definisjon av jordbruk.....	22
4.2	Metode og datagrunnlag.....	22
4.3	Metode for spesielle produksjonar.....	24
4.3.1	Data frå SLFs tilskotsregister.....	25
4.4	Metode for å berekne verdiskaping for einskilde driftsformer.....	26
4.4.1	Data frå NILFs driftsgranskingar og kalkylar.....	26
5	RESULTAT FRÅ BEREKNINGANE FOR JORDBRUKET.....	29
5.1	Resultat frå jordbruket i Agder.....	29
5.2	Produksjonsinntekter.....	32
5.3	Verdiskaping for dei ulike produksjonane i jordbruket.....	33
5.3.1	Mjølkeproduksjon.....	34
5.3.2	Sauehald.....	36
5.3.3	Produksjon av kjøtfe.....	38
5.3.4	Svineproduksjon.....	40
5.3.5	Egg.....	42
5.3.6	Hagebruk.....	43
5.3.7	Potet/ korn og korn spesialisert.....	46
5.3.8	Pelsdyr.....	47
5.3.9	Birøkt.....	48
5.4	Verdiskaping per innbyggjar.....	49
5.5	Sysselsetting i jordbruket.....	50
6	TILLEGGSNÆRING.....	53
6.1	Datakjelder og metode.....	53
6.2	Definisjon av tilleggsnæring.....	54
6.3	Tal jordbruksbedrifter med tilleggsnæring.....	54
6.4	Sysselsetting i tilleggsnæring.....	56
6.5	Verdiskaping i tilleggsnæring.....	56
6.5.1	Verdiskaping på større bruk.....	56
6.5.2	Verdiskaping på mindre bruk.....	57
6.5.3	Verdiskaping samla.....	57
6.5.4	Tilleggsnæring i forhold til jordbruk.....	57
7	RINGVERKNADER.....	59
7.1	Ringverknader av landbruket for andre sektorar.....	59
7.2	Fellesgode.....	60
8	OPPSUMMERING.....	61
	VEDLEGG.....	65

# Samandrag

---

Hovudmålet for dette prosjektet har vore å finne den økonomiske verdiskapinga frå jordbruk og tilleggsnæringar i jordbruksverksemdar.

Bakgrunnen for prosjektet er at fylkesmannen frå 2005 fekk eit større ansvar med å koordinere utforminga av strategiar for jordbruksrelatert næringsutvikling. Dette gav fylkesmannen eit behov for meir informasjon og kunnskap om verdiskapinga i jordbruket.

Jordbruket i Aust- og Vest-Agder har på linje med resten av landet, hatt ei rivande strukturrasjonalisering mot færre og større einingar. Avgangen av bønder har vore stor, og dei som blir igjen, driv ofte med leigde bruk i tillegg til sitt eige. I 2006 var det om lag 13 000 landbrukseigendomar i Agder, og av desse var det busetting på 8 000 og 1 910 som søkte om produksjonstilskot.

Jordbruksareal i drift er om lag 112 000 daa i Aust-Agder og 193 000 daa i Vest-Agder. I Vest-Agder er Farsund den største jordbrukskommunen med 33 000 daa dyrka jord, og i Aust-Agder er Grimstad den største med 18 000 daa. Til saman har Aust- og Vest-Agder 3,0 prosent av jordbruksarealet og 3,9 prosent av bøndene i Noreg. Sjølv om jordbruket er ei lita næring, er det saman med tilleggsnæring, ei viktig kjelde til verdiskaping i Agder-fylka. Jordbruket gjev og andre viktige synergjar som det er vanskeleg å rekne verdien av.

Agder har det meste av busettinga konsentrert i eit belte langs kysten. Det er om lag 268 000 innbyggjarar i Agder, og det utgjer 5,7 prosent av innbyggjarane i Noreg. Fylka er små, og geografisk er det store variasjonar. Her er høgfjell med vidder, kyst med skjergard og tusenar av øyar og holmar, djupe fjordar og skogkleddedalar og jordbruksområde. Nokre kommunar har store areal som ligg over tregrensa, og fleire av innlandskommunane har få innbyggjarar. Berggrunnen i kommunane har lite lausmassar, og består i all hovudsak av granitt og gneis som er ein næringsfattig berggrunn. Dette er årsaka til at berre ein liten del av arealet i fylka er dyrka jord.

Verdiskapinga i jordbruket er større i Vest-Agder enn i Aust-Agder, med høvesvis 197 og 135 mill. kr, og det heng saman med storleiken på jordbruksarealet. Det er mjølkeproduksjon som er den dominerande husdyrproduksjonen. Det er også mykje sau i fylka, men lønsemda i sauenæringa er generelt låg, og det viser att i verdiskapinga.

Farsund kommune har med 29 mill. kr den største verdiskapinga i jordbruket i Vest-Agder, og det er den kommunen med størst mjølkeproduksjon. Kristiansand kommune, som har nesten halvparten av alle innbyggjarane i fylket, har lågast verdiskaping frå jordbruket med 8 mill. kr.

I Aust-Agder er det planteproduksjon, ved sida av husdyrproduksjon som dominerer jordbruksverksemda. I Grimstad kommune er dei naturgitte høva svært gunstige for jordbruksproduksjon, og kommunen er på landsbasis ein stor og viktig produsent og leverandør av hagebruksprodukt. Grimstad og Arendal har over 50 prosent av innbyggjarane i Aust-Agder. I motsetnad til Vest-Agder, er det i dei folkerike kommunane i Aust-Agder kor verdiskapinga i jordbruket er størst, med 53 mill. kr for Grimstad og 17,5 mill. kr for Arendal.

Agder-fylka har høgare innslag av bruk med tilleggsnæring samanlikna med resten av landet. Tilleggsnæring er generelt viktig for landbruket i Agder, og spesielt for enkeltbruk. Resultata viser at Aust-Agder har ei berekna verdiskaping i tilleggsnæring på 25,6 mill. kr og Vest-Agder 39,8 mill. kr.

Like viktig som den målbare produksjonsverdien for jordbruksverksemda, er ringverknadene jordbruket skaper. Nyttar vi inntektsmultiplikator, som er føresett å vere på 1,8 for Agder, vert verdiskaping av jordbruk, tilleggsnæring og ringverknad 714 mill. kr. I tillegg til dei målbare storleikane, skaper jordbruksaktivitet andre etterspurde produkt for samfunnet. Slike produkt kan vere fellesgode i form av kultur, historie, kulturlandskap, biologisk mangfald og opplevingar. Dette er fellesgode som ikkje lar seg måle, eller som ein kan omsetje i ein marknad.



# 1 Innleiing

---

Jordbruket i Aust- og Vest-Agder har på linje med resten av landet, hatt ei rivande strukturrasjonalisering mot færre og større einingar. Avgangen av bønder har vore stor, og dei som blir igjen, driv ofte med leigde bruk i tillegg til sitt eige. I 2006 var det om lag 13 000 landbrukseigendomar i Agder, og av desse var det busetting på 8 000 og 1 910 som søkte om produksjonstilskot. Det kan tyde på at det er mange bruk i Agder som ikkje driv tradisjonell jordbruksverksemd. På desse bruka må dei hente inntekt frå anna type verksemd enn frå jordbruket. Det kan vere skogbruk, andre næringar eller løna arbeid i andre yrke.

Bruka i Agder er små i gjennomsnitt, noko som i stor grad skuldast topografi og dårleg arrondering. Mange av bruka har mykje skog og utmark, som gjer godt grunnlag for skogsdrift og utmarksverksemd. I Vest-Agder er Farsund den største jordbrukskommunen med 33 000 daa dyrka jord, og i Aust-Agder er Grimstad den største med 18 000 daa.

I Indre Agder er det 14 kommunar som har det til felles at de ikkje høyrer til den meir dynamiske kyststripa. Dette er ein forholdsvis homogen primærnæringsregion, med svak industrialisering - i hovudsak tufta på råvarer frå landbruket. Tømmer frå skogbruket har tidlegare vore viktigaste råvara frå Indre Agder, men i dag er energiproduksjonen relativt sett viktigare. Landbrukspolitikken og nivået på jordbruksoverføringane har vore viktige for å oppretthalde busettinga i desse områda.

Jordbruksareal i drift er om lag 112 000 daa i Aust-Agder og 193 000 daa i Vest-Agder. Til saman har Aust- og Vest-Agder 3,0 prosent av jordbruksarealet og 3,9 prosent av bøndene i Noreg. Sjølv om jordbruket er ei lita næring, er det saman med tilleggsnæring, ei viktig kjelde til verdiskaping i Agder-fylka. Jordbruket gjev og andre viktige synergiar som det er vanskeleg å rekne verdien av.

Dei største produksjonane i Agder-jordbruket er husdyrhald, med mjølk som dominerande produksjon, deretter kjem sau og ammekyr. Hagebruk er også ein viktig del av Agder-jordbruket, og særleg for Aust-Agder. Ti prosent av alle grønnsaker i landet vert dyrka i Aust-Agder.

## 1.1 Bakgrunn for prosjektet

Ulike regjeringar har alle hatt som mål å oppretthalde levande bygder. I Jordbruksavtalen for 2004, vart det vedtatt ei endring i BU-ordninga. Dette medførte at fylkesmannen (FMLA) frå 2005 fekk meir ansvar med å koordinere utforminga av strategiar for jordbruksrelatert næringsutvikling.

Ser vi på fylkesmannen sine heimesider, er dei viktigaste oppgåvene til fylkesmannen innan jordbruket definert på følgjande måte:

- Fylkesmannens oppgåver er i hovudsak knytt til forvaltning av tilskotsordningar retta mot tradisjonelt jordbruk og tilleggsnæringar
- Fylkesmannen gir råd og informerer om virkemiddelbruk overfor kommune, forsøksringar og næringsutøvarar innan jord- og hagebruk
- Fylkesmannen er initiativtakar og pådrivar for verdiskaping og utvikling innan sektoren.

For å kunne gjere disse oppgåvene på ein god måte, treng FMLA informasjon om verdiskaping i jordbruk. NILF har utvikla ein metode for berekning av verdiskaping, og gjennomført liknande prosjekt i andre fylke tidlegare (sjå kap.1.2).

Bakgrunnen for prosjektet er at FMLA i Aust- og Vest-Agder har gått saman og bede NILF gjere ei berekning av verdiskapinga i Agder for jordbruk og tilleggsnæring. Intensjonen er at resultatata skal vere eit hjelpemiddel for politikarar, byråkratar, rådgjevarar og næringsutøvarar, og til opplysning og informasjon for andre interesserte.

## 1.2 Tidlegare undersøkingar

NILF har dei siste åra gjennomført berekningar av verdiskaping og sysselsetting på kommunenivå i Hedmark (Lien m.fl., 2004), Sør-Trøndelag (Sjelmo m.fl., 2005), Nordland, Troms og Finnmark (Stornes m.fl., 2005), Nord-Trøndelag (Kjesbu m.fl., 2006) og Møre og Romsdal (Kjesbu og Sjelmo, 2007). Gjennom desse prosjekta er det utvikla ein modell for berekning av verdiskaping som kan tilpassast andre fylke i landet. Dei berekningane som vert presenterte i dette notatet, byggjer på same metodikk som berekningane gjennomført i prosjekta nemnde over.

## 1.3 Formal med prosjektet

Formålet med prosjektet er å:

- Kartlegge verdiskaping, omsetnad og sysselsetting innan jordbrukets hovudproduksjonar på fylkes- og kommunenivå i Agder-fylka.
- Kartlegge den økonomiske verdiskapinga av tilleggsnæringar i Agder-fylka, kva for aktivitetar som har høgast verdi, og kva som har hatt høgast vekst dei siste åra.
- Synleggjere sysselsettingseffekten av jordbruk og tilleggsnæringar.
- Tilpasse modellen til fylka slik at arbeidet med berekningar kan gjerast enklare og for å gjere det mogleg å utføre konsekvensutgreiingar i framtida.

## 1.4 Om berekningane

Berekningane av verdiskaping og sysselsetting er utført på grunnlag av data frå Statens landbruksforvaltning (SLF, 2008), data frå driftsgranskingane til NILF (NILF, 2007a)

og kalkylar for Agder og Rogaland (NILF, 2006). Data frå Statens landbruksforvaltning viser kor mange einingar (dyretal, arealomfang etc.) det vert søkt om produksjonstilskot for i dei einiskilde kommunane, i kor stort omfang, og kva for driftsform søkaren har. NILFs driftsgranskingar gjev opplysningar om arbeidsinnsats, inntekter, kostnader og resultat på ulike bruk og driftsformer. Data er henta direkte frå databasen hjå NILF og SLF, og er ikkje tidligare publiserte i den forma dei er nytta her.

Berekningar av skogbrukets bidrag til sysselsetting og verdiskaping er ikkje med i mandatet for dette prosjektet.

## 1.5 Vidare bruk av modellen

Kostnadsnivået i Noreg er høgt, og lønsemda i landbruket er låg for dei fleste produksjonar og regionar. Oppfattinga har difor vore at det er naudsynt med eit relativt høgt nivå på offentlege overføringar til næringa. Det gjer at næringa er sårbar overfor endringar i rammevilkår, slik som prisfall eller reduserte tilskot. Metoden som er nytta i berekningane av verdiskaping og sysselsetting i dette prosjektet, kan også nyttast til å berekne konsekvensar for verdiskaping og sysselsetting ved endringar i både politiske og marknadsbestemte rammevilkår. NILF er ikkje kjend med anna metodikk som kan nyttast til liknande konsekvensutgreiingar på kommunenivå. Slike konsekvensutgreiingar inngår ikkje som ein del av dette prosjektet, men kan gjerast i etterkant. Scenario for utvikling av internasjonale, nasjonale og/eller regionale rammevilkår kan inngå som input i berekningsmodellen, for å tilfredsstille spesielle behov for berekningar, både på bruks-, kommune- og fylkesnivå. Modellen gjer det også mogleg å gjere konsekvensutgreiing ved endring i prisar og tilskot. Det vil også vere mogleg å simulere kva ei eventuell endring av produksjonsvolumet mellom kommunar, fylke eller innan ulike driftsformer, vil ha å seie for verdiskaping og sysselsetting i de einiskilde kommunane og fylka.



## 2 Grunnlag for jordbruksdrift i Aust- og Vest-Agder<sup>1</sup>


---

Grunnlaget for jordbruksdrift er betre i Vest-Agder enn i Aust-Agder. Berggrunnen i Aust-Agder består av grunnfjell som har lite lausmassar, og dei som er, er stort sett avgrensa til sprekker og smådaler. Dette er årsaka til at berre ein liten del av arealet er dyrka jord. Landskapet er kupert og hever seg gradvis, og ca. 100 km frå kysten går det over i høg fjell over 1 000 moh. Aust-Agder har 2,8 prosent av samla areal i landet, men berre 1,1 prosent av alt jordbruksareal. Det kupert terrenget med små samanhengande områder med lausmassar, har avgrensingar som eit svært gunstig klima ikkje heilt kan kompensere for. Men klimaet i kyststrøka har gitt høve for ein allsidig planteproduksjon med eit stort innslag av hagebruk.


Klimaet i Vest-Agder er ikkje så gunstig som i Aust-Agder, men dei har meir jordbruksareal, 193 400 daa i 2005, 2,7 prosent av arealet i fylket. Bruka er små, og det heng saman med mellom anna topografien. Det er lite lausavsetningar i fylket, noko som gjer at det er avgrensa areal til jordbruk. I ytre del av Lista er det mykje marine lausavsetningar, og det forklarar den høge jordbruksaktiviteten i Farsund kommune (sjå figur 2.1 og figur 2.2).

---

<sup>1</sup> Faktaopplysningane er henta frå Store Norske Leksikon: [www.snl.no](http://www.snl.no)



*Figur 2.1 Jordbruksareal i drift, geografisk fordelt på kommunar i Agder*



Figur 2.2 Jordbruksareal i drift i Agder, tal daa per kommune





## 3 Fakta om kommunane i Agder

---

Faktaopplysningane om kommunane i Agder er henta frå SSB (SSB 2008a og SSB 2008b), Store norske leksikon (SNL 2008) og SLF (SLF 2008)

### 3.1 Kommuneomtale, Vest-Agder

#### 3.1.1 Audnedal

Audnedal er ein innlandskommune i Vest-Agder. Totalareal er 251 km<sup>2</sup>, av dette er 4 prosent jordbruksareal og 69 prosent produktiv skog. Det bur 1 613 innbyggjarar i kommunen (2008), og 10 prosent er sysselsett i primærnæringa, 31 prosent i sekundærnæringa og 57 prosent i tertiærnæringa.

Naturen i Audnedal omfattar øvre del av Audnedalen med elva Audna og heiene omkring. Det er kuperte heier på begge sider av hovuddalføret. Høgast når Ørnemyrfjellet i nordvest, 578 moh. Heile arealet i kommunen ligg under skoggrensa. Jordbruksareala er små og stort sett samla i hovuddalføret

I 2007 var det søkt om tilskot til 10 751 dekar jordbruksareal<sup>2</sup>, av 59 brukarar i Audnedal. Kommunen hadde til saman 466 mjølkekyr fordelt på 32 brukarar. Tal sauer over eit år var 625, fordelt på 15 brukarar.

#### 3.1.2 Farsund

Sørvest i Vest-Agder finn vi Farsund kommune. Totalarealet i kommunen er 262 km<sup>2</sup>, der 10 prosent er jordbruksareal og 21 prosent er areal for produktiv skog. Folketalet er 9 392 (2008), og 4 prosent er sysselsett i primærnæringa, 34 prosent er sysselsett i sekundærnæringa og 61 prosent er sysselsett i tertiærnæringa.

Naturen i dei ytre delane av halvøya er eit sletteland dekkja av morene i vekslende djupn. Midt på halvøya ligg store myrområde, det er også god dyrkingsjord mange sta-

---

<sup>2</sup> Jordbruksareal som er søkt tilskot til, kan vere ulikt jordbruksarealet oppgitt i prosent av totalareal. Grunnen er at ein kan ha jordbruksareal som det ikkje er søkt tilskot til.

der. I nord finn ein kuperte dalføre med heidrag, og i Herad (omkring Framvaren) har landskapet vestlandsk karakter. Spind er småkupert med fleire øyar. Det er og mange småvatn og myrar. Dei høgste partia når 300–400 moh., og skoggrensa ligg på 200–250 moh. Klimaet er mildt og fuktig med mykje vind.

Farsund er største jordbrukskommunen i Vest-Agder. Dette gjeld både med omsyn til tal jordbruksverksemdar og jordbruksareal. I 2007 var det 145 jordbruksverksemdar, som søkte om tilskot til 33 190 dekar jordbruksareal. Dei største produksjonane i kommunen er mjølk/storfe, sau, korn og poteter. I kommunen er det 912 mjølkekyr fordelt på 43 brukarar. Tal sauer over eit år er 1 957 fordelt på 62 brukarar. I kornproduksjonen er det 42 bønder med til saman 4 350 dekar. I Farsund er det også potetproduksjon drive av 11 brukarar med til saman 106 dekar.

### 3.1.3 Flekkefjord

Flekkefjord kommune ligg sørvest i Vest-Agder. Totalareal er 544 km<sup>2</sup>, der 3 prosent er jordbruksareal og 26 prosent er produktiv skogsareal. Folketalet er registrert til 8 910 (2008), og sysselsettinga i kommunen viser at 4 prosent jobbar i primærnæringa, 29 prosent jobbar sekundærnæringa og 67 prosent jobbar i tertiærnæringa.

Berggrunnen i Flekkefjord består av bergartar frå prekambrium, med overvekt av gneis og granittar. Fastlandet har bratte kystar, og her er ein fosforfattig bergart som gjer landskapet omtrent vegetasjonslaust. Landskapet innover er sterkt kupert med skogkledde åsar opp til 674 moh. Her er mange elvar, vatn og mindre dalføre. Store deler av kystsona er vurdert utlagt til landskapsvernområde.

Flekkefjord er ein stor jordbrukskommune samanlikna med mange andre kommunar i Vest-Agder. I 2007 vart det søkt om tilskot til 13 406 dekar jordbruksareal, fordelt på 87 ulike brukarar. Heile dette arealet er nytta som grovfôrareal. Dei største produksjonane i kommunen er mjølk/storfekjøtt produksjon, der det er 322 mjølkekyr, fordelt mellom 22 brukarar. Sau er også ein viktig produksjon med til saman 1 470 sauer over eit år, og 47 brukarar. I Flekkefjord er det også 14 brukarar som driv med verpehøner, dei har til saman 19 682 høner.

### 3.1.4 Hægebostad

Hægebostad ligg i innlandet. Totalareal er 462 km<sup>2</sup>, av desse er 3 prosent jordbruksareal og 22 prosent areal for produktiv skog. Innbyggartalet i kommunen er 1 597 (2008), og sysselsettinga viser at 14 prosent jobbar i primærnæringa, 37 prosent jobbar i sekundærnæringa og 48 prosent jobbar i tertiternæringa.

Hægebostad ligg innan det sørvestlige grunnfjellsområdet, og berggrunnen består for det meste av gneis. Frå dalbotnen hevar terrenget seg til et bøljande heilandskap på begge sider av elva. Frå høgder på 400–600 moh. i sør, stig landskapet mot nord, der høgste topp når 966 moh. Mellom kollane er det ei rekke elvar og vatn som vert tatt opp av Lygna.

Når det gjeld areal og tal jordbruksbedrifter, er Hægebostad tredje største jordbrukskommune i Vest-Agder. I 2007 vart det søkt om tilskot til 13 947 dekar jordbruksareal, fordelt mellom 94 brukarar. Dei viktigaste produksjonane i kommunen er mjølk/storfekjøtt, med 332 mjølkekyr fordelt på 26 brukarar og 2 529 sauer over eit år, fordelt på 57 brukarar.

### 3.1.5 Kristiansand

Kristiansand kommune ligg ved kysten, heilt søraust i Vest-Agder. Arealet i kommunen er 277 km<sup>2</sup>, der jordbruksarealet utgjer 4 prosent, og produktiv skog utgjer 50 prosent av arealet. Innbyggartalet er 77 919 (2008), og sysselsettinga i kommunen fordeler seg

til 1 prosent som jobbar i primærnæringa, 19 prosent jobbar i sekundærnæringa og 74 prosent jobbar i tertiærnæringa.

Terrenget i kommunen er småkupert, med skogkledd heier og kollar og innslag av sletter med frodig mark. Kysten inneheld mange øyer og holmar.

Jordbruket i Kristiansand er lite omfattande. I 2007 vart det søkt om tilskot til 4 271 dekar jordbruksareal, fordelt mellom 43 bønder. At jordbruket er lite, ser ein og på tal dyr og brukarar på dei ulike produksjonane. Det var gitt tilskot til 1 065 dekar med korn, fordelt mellom 18 brukarar. Det er 26 mjølkekyr fordelt på 3 brukarar. Det er også 3 brukarar som til saman har 150 sauer. Hald av hest er blitt ei stor næring i Kristiansand med 136 hestar fordelt på 16 bruk.

### 3.1.6 Kvinesdal

Kvinesdal er ein innlandskommune, men har kontakt med kysten gjennom Fedafjorden. Totalareal i kommunen er 963 km<sup>2</sup>, der 3 prosent er jordbruksareal og 30 prosent er produktivt areal til skog. Folketalet er 5 629 (2008), og sysselsettinga viser at 5 prosent jobbar i primærnæringa, 33 prosent i sekundærnæringa og 62 prosent i tertiærnæringa.

Naturen inneheld sjø ved Fedafjorden og vid dalbotn frå Øye til Liknes, kor dalen deler seg i Vester- og Austerdalen. Lenger nord er det store vidder og snaufjell, men sjeldan høgder over 500 moh.

Kvinesdal er nest største jordbrukskommunen i Vest-Agder i tal daa og tal jordbruksbedrifter. I 2007 vart det søkt om tilskot til 21 200 dekar jordbruksareal, fordelt mellom 122 bønder. Viktigaste jordbruksnæringar er sau og mjølk/storfekjøtt. I kommunen er det registrert 3 854 sauer over eit år, fordelt på 70 sauebønder og 444 mjølkekyr, fordelt på 30 bønder.

### 3.1.7 Lindesnes

Lindesnes kommune ligg ved kysten i sør. Totalarealet i kommunen er 317 km<sup>2</sup>, der 6 prosent av dette er jordbruksareal og 62 prosent er areal med produktiv skog. Folketalet er 4 557 innbyggjarar (2008), og sysselsettinga viser at 8 prosent jobbar i primærnæringa, 33 prosent i sekundærnæringa og 58 prosent i tertiærnæringa.

Kommunen har fleire korte fjordar som skjær seg inn i fastlandet, og berggrunnen i kommunen er grunnfjell. Landskapet i sør er kupert med nakne og lyngdekte heistrekningar. Audnedalen nordover vekslar mellom opne og tronge parti med bratte sider og heier opp i 355 moh.

I Lindesnes vart det i 2007 søkt om tilskot til 12 229 dekar jordbruksareal, fordelt mellom 78 brukarar. Viktigaste produksjon er mjølk og storfekjøtt med 461 mjølkekyr fordelt mellom 29 brukarar. Ein finn også noko produksjon av sau, 410 sauer over eit år, fordelt på 19 bruk.

### 3.1.8 Lyngdal

Lyngdal er ein kystkommune. Totalarealet for kommunen er 391 km<sup>2</sup>, der 5 prosent er jordbruksareal og 46 prosent er areal til produktiv skog. Folketalet er 7 533 (2008), og sysselsettinga i kommunen fordeler seg med 5 prosent sysselsett i primærnæringa, 33 prosent sysselsett i sekundærnæringa og 62 prosent sysselsett i tertiærnæringa.

Naturen i Lyngdal har ein trong dal med bratte sider, men opnar seg i sør til Lyngdalssletta, som er vid og open. Heiene i nord og vest når opp i 400–500 moh. Berggrunnen består for det meste av granitt og gneis av grunnfjellsalder.

Tal om jordbruket i Lyngdal viser at i 2007 vart søkt om tilskot til 12 974 dekar jordbruksareal av 85 bønder. Også i denne kommunen er mjølk og storfekjøtt den viktigaste

produksjonen. Kommunen har 485 mjølkekyr fordelt på 33 bønder og 440 sauer over eit år, på 24 bruk.

### 3.1.9 Mandal

Mandal ligg mot kysten heilt i sør. Totalarealet i kommunen er 223 km<sup>2</sup>, der 7 prosent er jordbruksareal og 61 prosent er produktivt skogsareal. Folketalet er 14 400 (2008), og sysselsetting er fordelt mellom 3 prosent i primærnæringa, 28 prosent i sekundærnæringa og 68 prosent i tertiærnæringa.

Mandal ligg omkring nedre løpet til Mandalselva, med heiene på begge sider av dalen. Berggrunnen består vesentleg av gneis og granitt av grunnfjellsalder, som når opp til 315 moh. i nordvest (Svolheia). Den om lag 25 km lange kyststrekninga inneheld mange småfjordar og viker. Kysten vert skjermja av ein skjærgard med enkelte store øyar.

I 2007 vart det i Mandal søkt om tilskot til 10 220 dekar jordbruksareal, fordelt mellom 70 ulike jordbruksbedrifter. Viktigaste produksjon er mjølk og storfekjøtt, der ein i 2007 registrerte 354 mjølkekyr fordelt på 26 brukarar. Ein finn også noko produksjon av sau, 345 sauer over eit år, fordelt på 13 brukarar.

### 3.1.10 Marnardal

Marnardal er ein innlandskommune. Totalarealet i kommunen er 395 km<sup>2</sup>, av dette er 4 prosent jordbruksareal og 73 prosent areal for produktiv skog. Folketalet i kommunen er 2 178 (2008), og sysselsettinga viser at 13 prosent jobbar i primærnæringa, 28 prosent jobbar i sekundærnæringa og 58 prosent jobbar i tertiærnæringa.

Berggrunnen består av grunnfjell, vesentleg gneis og granitt. Elva fell på den ca. 40 km lange strekninga i kommunen frå ca. 150 til ca. 15 moh. Heiene på begge sider av dalen stig frå 250 moh. i sør til ca. 500 moh. i nord.

I Marnardal vart det i 2007 søkt om tilskot til 12 274 dekar jordbruksareal, fordelt mellom 80 bønder. Den største produksjonen er mjølk og storfe, der ein finn 469 mjølkekyr, og 35 mjølkeprodusentar. Produksjon av sau er noko mindre, med 14 bønder som til saman har 421 sauer over 1 år.

### 3.1.11 Sirdal

Sirdal er ein innlandskommune og ligg heilt nordvest i Vest-Agder. Sirdal er den største kommunen i Vest-Agder i utstrekking, med eit totalareal på 1 555 km<sup>2</sup>. Av dette er 1 prosent jordbruksareal og 7 prosent areal for produktiv skog. Folketalet i kommunen er 1 757 (2008), og Sysselsettinga viser at 9 prosent er sysselsett i primærnæringa, 30 prosent sysselsett i sekundærnæringa og 61 prosent i tertiærnæringa.

Heiene i Sirdal ligg 1 000 moh. Nord for grenda Lunde stig dalbotnen sterkt og går over i dei eigentlege fjellbygder. Barskogen veks opp til ca. 450 moh., og bjørkeskogen til 600–700 moh., slik at store deler av kommunen består av nakne fjellvidder med noko grasvekst.

Sauehald er viktig for bygdene her. I Sirdal vart det i 2007 søkt om tilskot til 12 108 dekar jordbruksareal, av 84 bønder. I kommunen er det registrert 3 215 sauer fordelt mellom 66 bønder. Der er også noko mjølkeproduksjon, 201 mjølkekyr fordelt mellom 19 bønder.

### 3.1.12 Vennesla

Vennesla er ein innlandskommune. Totalarealet i kommunen er 384 km<sup>2</sup>, der 3 prosent er jordbruksareal og 67 prosent er areal for produktiv skog. Folketalet i kommunen er

12 776 (2008), og sysselsettinga er fordelt med 2 prosent i primærnæringa, 32 prosent i sekundærnæringa og 66 prosent i tertiærnæringa.

Fjellgrunnen i Vennesla består for det meste av grunnfjellsgneis, og terrenget er kupert med smådalar og lyngklede heier opptil 500 moh. I sørvest utvidar Otradalen seg til sletter og sandmoar.

I Vennesla vart det i 2007 søkt om tilskot til 12 274 dekar i jordbruksareal, fordelt på 67 bønder. Den største produksjonen er mjølk og storfekjøt, der ein finn 434 mjølkekyr, fordelt mellom 25 bønder. Kommunen har og 421 sauer over eit år, ein produksjon som vert driven av 13 bønder.

### 3.1.13 Songdalen

Songdalen er ein innlandskommune. Totalareal i kommunen er 216 km<sup>2</sup>, der 4 prosent er jordbruksareal og 75 prosent er produktivt skogsareal. Folketalet er 5 728 (2008), og sysselsettinga i ulike næringar fordeler seg med 3 prosent i primærnæringa, 28 prosent i sekundærnæringa og 69 prosent i tertiærnæringa.

Songdalselva er det viktigaste vassdraget i regionen, ho går sørover gjennom Søgne til sjøen. I sør er dalen langs elva brei, medan i nord er dalen trongare, og heiene når opp i 400 moh. mot 100–200 moh. i Greipstad i sør. Alt areal i kommunen ligg under skoggrensa. Fleire mindre område er freda som naturreservat, bl.a. Songevatnet på grensa til Vennesla med hekke- og beiteområde for fugl.

I kommunen vart det i 2007 søkt om tilskot til 9 516 dekar jordbruksareal, fordelt på 53 bønder. Største produksjonen er på mjølk og storfekjøt, der det er registrert 354 mjølkekyr, ein produksjon som vert driven av 20 bønder. Andre produksjonar som vert drivne i mindre målestokk, er sau og korn.

### 3.1.14 Søgne

Søgne er ein kystkommune. Totalarealet i kommunen er 151 km<sup>2</sup>, der 3 prosent er jordbruksareal og 73 prosent er areal for produktiv skog. Innbyggartalet i kommunen er 10 050 (2008), og sysselsettinga fordeler seg med 2 prosent i primærnæringa, 27 prosent i sekundærnæringa og 70 prosent i tertiærnæringa.

Kommunen har ein typisk skjergardskyst med mange øyar. Berggrunnen som består av grunnfjellsgneis, vert i lågtliggende strøk dekkja av fruktbart jordsmonn av marin leire og sand. Terrenget er småkupert med mange vatn og gode jordbruksletter i dalane. Søgne er minste jordbrukskommune i Vest-Agder når ein ser på tal brukarar, og berre Kristiansand har færre dekar jordbruksareal. Det vart i 2007 søkt om tilskot til 4 433 dekar jordbruksareal, fordelt på 40 bønder. I Søgne er den største produksjonen korn, der ein har 17 bønder, med til saman 1 180 dekar. Ein finn også nokre som dyrkar poteter, frukt og bær. Produksjonar som mjølk og sau er svært små, ein finn berre 79 mjølkekyr og 241 sauer som er eit år eller eldre. Desse produksjonane vert drive av høvesvis 6 og 12 bønder. Det er verd å merke seg at kommunen har fleire hestar over 3 år enn mjølkekyr, med 91 hestar.

### 3.1.15 Aseral

Åseral er ein innlandskommune. Totalarealet i kommunen er 888 km<sup>2</sup>, der 1 prosent er jordbruksareal og 14 prosent er areal for produktiv skog. Folketalet i kommunen er 905 (2008), noko som gjer Åseral til ein av kommunane i landet med lågast folketal. Sysselsettinga viser at 12 prosent jobbar i primærnæringa, 30 prosent jobbar i sekundærnæringa og 58 prosent jobbar i tertiærnæringa.

Berggrunnen består av grunnfjell, gneis og gneis-granitt i sør og hovudsakleg granitt nord for Breland og Eikild. Dalane i kommunen er tronge med bratte sider, og heiene omkring ligg på omkring 800–900 moh.

I Åseral kommune vart det i 2007 søkt om tilskot til 9 845 dekar jordbruksareal, fordelt på 54 bønder. Største produksjonen i kommunen er sauehald, der ein finn 2 569 sauer over eit år, eigd av 37 bønder. Mjølke og storfe er den andre produksjonen som vert drive i litt omfang, med 221 mjølkekyr fordelt mellom 16 bønder.

## 3.2 Kommuneomtale, Aust-Agder

### 3.2.1 Risør

Risør er ein kystkommune og ligg heilt aust i Aust-Agder fylke. Totalarealet i kommunen er 193 km<sup>2</sup>, av dette er 2 prosent jordbruksareal og 59 prosent areal for produktiv skog. Folketalet er 6 888 (2008), og sysselsettinga viser at 2 prosent jobbar i primærnæringa, 26 prosent jobbar i sekundærnæringa og 71 prosent i tertiærnæringa.

Berggrunnen i kommunen består av grunnfjell som dannar eit kupert terreng med mange vatn i den nordlege delen. Her når heiene opp til 239 moh. (Heiberg). Kysten er rik på fjordar og viker, og utgjer eit etterspurt ferieområde.

Risør er ein liten jordbrukskommune. I 2007 vart det søkt om tilskot til 2 648 dekar jordbruksareal, av til saman 17 bønder. Ingen av produksjonane er spesielt store, vi finn mellom anna 76 mjølkekyr drive av 5 bønder, 66 sauer over eit år, drive av 3 bønder.

### 3.2.2 Grimstad

Grimstad er ein kystkommune. Totalareal i kommunen er 303 km<sup>2</sup>, her er 2 prosent jordbruksareal og 48 prosent produktivt skogsareal. Grimstad kommune har 19 809 (2008), og sysselsettinga viser at 3 prosent jobbar i primærnæring, 21 prosent jobbar i sekundærnæring og 76 prosent i tertiærnæring.

Grimstad ligg i det sørnorske grunnfjellområdet. Skjergardskysten går over i eit småkupert landskap med kollar og drag med gode forhold for jordbruk innanfor eit typisk heilandskap med høgder opptil ca. 300 moh. I tillegg er det store samanhengande innsjøområde nær kysten.

Grimstad er den største jordbrukskommunen i Aust-Agder, både når det gjeld tal bønder og tal dekar jordbruksareal. I 2007 vart det søkt om tilskot til 18 014 dekar jordbruksareal, fordelt på 109 bønder. Grimstad har ei rekke ulike produksjonar med bra storleik. Det er registrert 40 bønder med kornproduksjon, med til saman 3 102 dekar. Potetproduksjonen har 1 811 dekar fordelt mellom 32 brukarar, grønnsakproduksjon der det er registrert 1 573 dekar fordelt på 27 brukarar. Det er også 21 brukarar som driv med frukt og bær, med samla areal på 706 dekar. Det er registrert 360 mjølkekyr og 732 sauer over eit år. Begge desse produksjonane er drivne av 20 bønder. I kommunen er det også ein omfattande veksthusnæring med rundt 60 dekar veksthus.

### 3.2.3 Arendal

Arendal kommune ligg ved kysten. Totalareal i kommunen er 270 km<sup>2</sup>, av dette er 6 prosent jordbruksareal og 52 prosent produktivt skogsareal. Folketalet i kommunen er 40 701 (2008), og sysselsettinga viser at 1 prosent jobbar i primærnæringa, 22 prosent i sekundærnæringa og 76 prosent i tertiærnæringa.

Kommunen har ein utprega skjergardskyst, med mange sund og viker, og med fleire større øyar. Innanfor kysten er terrenget sterkt kupert, i nord og nordaust småkupert,

skogkledt og vekslende mellom heier og fruktbare lågare område. Heiene når 150–180 moh. Geologisk er området av grunnfjellsalder med blant anna det jernmalmrike Arendalsfeltet.

Arendal er ein stor jordbrukskommune i både tal dekar og bønder. Einaste kommunen som er større, er Grimstad. I 2007 vart det søkt om tilskot til 16 628 dekar jordbruksareal, fordelt på 107 bønder. Den største produksjonen i kommunen er korn, som vert drive av 26 bønder, med eit samla areal på til saman 3 439 dekar. Husdyrhaldet er også viktig. Ein finn 481 mjølkekyr fordelt på 30 bønder, i tillegg er det mange som driv med anna storfehold. Av sauer er det registrert 749 over eit år, drive av 26 bønder. Kommunen har også noko gartneridrift.

### 3.2.4 Gjerstad

Gjerstad kommune ligg aust i fylket. Totalareal i kommunen er 322 km<sup>2</sup>, av dette er 2 prosent jordbruksareal og 69 prosent areal med produktiv skog. Folketalet er 2 519 (2008), og sysselsettinga viser at 4 prosent er sysselsett i primærnæringa, 35 prosent er sysselsett i sekundærnæringa og 60 prosent er sysselsett i tertiærnæringa.

Gjerstadvatnet ligg i brotlinja mellom granitt- og gneisbergartar i innlandet og Bambleformasjonen ut mot kysten. Gjerstad er ein typisk jord- og skogbrukskommune med store skogar, åsar og heier 300–500 moh.

Sjølv om jordbruket er viktig for kommunen, er Gjerstad likevel ein liten jordbrukskommune samanlikna med dei fleste andre kommunane i Aust-Agder. I 2007 vart det søkt om tilskot til 4 177 dekar jordbruksareal, fordelt på 20 bønder. Husdyrhaldet er dei viktigaste produksjonane. Kommunen har 109 mjølkekyr fordelt på 7 bønder. Tal sauer over eit år er 158, drive av 7 bønder.

### 3.2.5 Vegårshei

Vegårshei er ein innlandskommune. Totalareal i kommunen er 356 km<sup>2</sup>, av dette er 1 prosent jordbruksareal og 73 prosent produktivt skogsareal. Folketalet i kommunen viser 1 884 (2008), og sysselsettinga viser at 5 prosent er sysselsett i primærnæringa, 30 prosent er sysselsett i sekundærnæringa og 65 prosent er sysselsett i tertiærnæringa.

Berggrunnen i kommunen består av grunnfjell, medan landskapet er småkupert med mykje skog.

Skog- og jordbruk er viktige næringsvegar i Vegårshei, likevel er Vegårshei ein liten jordbrukskommune i forhold til areal. I 2007 vart det søkt om tilskot til 2 525 dekar jordbruksareal, fordelt på 25 bønder. Husdyrhaldet er den viktigaste produksjonen, og det er registrert 296 sauer over eit år, fordelt på 12 bønder. Ein kan og legge merke til at kommunen ikkje har mjølkeproduksjon. I tillegg til dette vert det også drive ein del pelsdyroppdrett i kommunen.

### 3.2.6 Tvedestrand

Tvedestrand kommune er ein kystkommune. Totalareal er 218 km<sup>2</sup>, der 3 prosent er jordbruksareal og 64 prosent er areal for produktiv skog. Folketalet er 5 874 (2008), og sysselsettinga viser at 3 prosent jobbar i primærnæringa, 29 prosent jobbar i sekundærnæringa og 68 prosent jobbar i tertiærnæringa.

Kommunen ligg omkring nedre del av Vegårsvassdraget (Storelva) og Oksefjorden, og omfattar vidare kysten og øyene aust for fjorden. Terrenget er småknausa og sterkt kupert med skogkledde åsar. Berggrunnen består for det meste av grunnfjell

I 2007 vart det søkt om tilskot til 5 399 dekar jordbruksareal, fordelt på 29 bønder. Produksjonane som vert drivne, er varierende. Ein finn produksjon av mjølk/storfekjøtt,

sau, svin og korn. Ingen av dei nemnde produksjonane peikar seg ut som særst viktig i forhold til dei andre.

### 3.2.7 Froland

Froland er ein innlandskommune. Totalarealet i kommunen er 645 km<sup>2</sup>, der 1 prosent er jordbruksareal og 62 prosent er areal for produktiv skog. Folketalet i kommunen er 4 853 (2008), og sysselsettinga viser at 4 prosent jobbar i primærnæringa, 27 prosent jobbar i sekundærnæringa og 69 prosent jobbar i tertiærnæringa.

Berggrunnen i Froland består for det meste av grunnfjell. Arealet er eit kupert heitereng 150–600 moh. med vatn, elvar og skogkledde åsar. Høgda aukar mot nord og vest, og høgste punkt er Skorva (658 moh.) i nordvest.

I 2007 vart det i Froland søkt om tilskot til 6 266 dekar jordbruksareal, fordelt mellom 56 bønder. Korn står for 12 prosent av dette arealet med 756 dekar, og vert drive av 5 bønder. Storfe og sau er og viktige produksjonar. Kommunen har 718 sauer over eit år, fordelt mellom 21 bønder

### 3.2.8 Lillesand

Lillesand er ein kystkommune. Totalarealet i kommunen er 190 km<sup>2</sup>, av dette er 4 prosent jordbruksareal og 58 prosent produktivt skogsareal. Folketalet er 9 238 (2008), og sysselsettinga viser at 2 prosent jobbar i primærnæringa, 24 prosent jobbar i sekundærnæringa og 74 prosent jobbar i tertiærnæringa.

Terrenget i Lillesand er prega av småkupert grunnfjellslandskap. Utanom fastlandet består kommunen av ei ca. 25 km lang kystlinje med 420 øyar, holmar og skjær.

I Lillesand vart det i 2007 søkt om tilskot til 6 139 dekar jordbruksareal, fordelt på 36 bønder. Hagebruket står sterkt i Lillesand, men og husdyr og kornproduksjon finn ein litt av. I 2007 var det registrert 117 mjølkekyr, 138 sauer over eit år og 867 dekar korn.

### 3.2.9 Birkenes

Birkenes er ein innlandskommune. Totalarealet er 674 km<sup>2</sup>, av dette er 7 prosent jordbruksareal og 70 prosent produktivt skogsareal. Folketalet i Birkenes er 4 503 (2008), og sysselsettinga viser at 5 prosent er sysselsett i primærnæringa, 34 prosent er sysselsett i sekundærnæringa og 60 prosent er sysselsett i tertiærnæringa.

Landskapet i Birkenes er prega av kuperte, skogkledde heier med barskog og mange slags lauvtre. Dei nedre delane av kommunen har store sand- og grusavsetningar (morene) i terrasser langs elva. Over halvparten av arealet i kommunen ligg 150–300 moh. Kommunen er ein av dei viktigaste skogskommunane i fylket. Når det gjeld jordbruk vart det i 2007 søkt om tilskot til 10 011 dekar jordbruksareal, fordelt på 74 bønder. Statistikken viser at kommunen har 208 mjølkekyr og 470 sauer over eit år, begge produksjonane med 17 bønder kvar. Ein finn og noko kornproduksjon fordelt på 9 bønder med til saman 407 dekar.

### 3.2.10 Amli

Åmli er ein innlandskommune. Totalarealet er 1 131 km<sup>2</sup>, og består av 1 prosent jordbruksareal og 42 prosent produktivt skogsareal. Folketalet er 1 836 (2008), og sysselsettinga visar at 10 prosent jobbar i primærnæringa, 28 prosent jobbar i sekundærnæringa og 62 prosent jobbar i tertiærnæringa.

Kommunen har store heiområde som stort sett ligg under skoggrensa (700–800 moh.). Berggrunnen høyrer til grunnfjellet, hovudsakeleg gneisgranitt og granitt i sør og i nord mest gneis..



Åmli er, etter Birkenes, den største skogbrukskommunen i fylket målt etter avvirka tømmer. Åmli har noko jordbruk med allsidig drift, men med hovudvekt på husdyrhald og då særleg sau. I 2007 vart det søkt om tilskot til 9 239 dekar jordbruksareal, fordelt på 44 bønder. I kommunen er det registrert 1 544 sauer over eit år, fordelt mellom 18 bønder.

### 3.2.11 Iveland

Iveland er ein innlandskommune. Totalarealet er 262 km<sup>2</sup>, av dette er 2 prosent jordbruksareal og 77 prosent produktivt skogsareal. Folketalet i kommunen er 1 211 (2008), og sysselsettinga viser at 7 prosent jobbar i primærnæringa, 33 prosent jobbar i sekundærnæringa og 58 prosent jobbar i tertiærnæringa.

Iveland ligg innan det sørnorske grunnfjellsområdet, berggrunnen vekslar mellom gneis, granitt og amfibolitt. Heile kommunen ligg over den marine grensa, og har ingen samanhengande morenerygger. Jordlaget er tynt, det finst nokre myrar langs elvar og bekkar med elvesand og grus. Frå nord mottek Otra tilløpet Frøysåna som renn omtrent midt gjennom Iveland frå nord til sør. Mellom dalane ligg skogkledde heier med toppar 300–500 moh. Heile kommunen ligg under skoggrensa.

Jordbruk og skogbruk er dei viktige næringane i Iveland. I 2007 vart det søkt om tilskot til 4 276 dekar jordbruksareal, fordelt på 24 bønder. Mykje av produksjonen innan jordbruket kjem frå mjølkeproduksjon. Det er registrert 9 mjølkebønder med til saman 151 mjølkekyr. I tillegg finn vi produksjon av sau, poteter og korn.

### 3.2.12 Evje og Hornnes

Evje og Hornnes er ein innlandskommune. Totalarealet er 550 km<sup>2</sup>, av dette er 2 prosent jordbruksareal og 57 prosent produktivt skogsareal. Folketalet er 3 327 (2008), og sysselsettinga viser at 5 prosent jobbar i primærnæringa, 23 prosent jobbar i sekundærnæringa og 72 prosent jobbar i tertiærnæringa.

Kommunen ligg i eit skiftande grunnfjellsområde med rike innslag av feltspat, nikkell og ei rekke mineral. Elva Otra fell frå 203 moh. i Byglandsfjord til 167 moh. i Kilefjord på sitt 27 km lange løp gjennom kommunen. På begge sider av dalen reiser skogkledde heier seg opptil 696 moh. (Tverrfjellet).

Jord- og skogbruk er viktige næringar i kommunen. I 2007 vart det søkt om tilskot til 10 065 dekar jordbruksareal, fordelt på 62 bønder. Fôrproduksjon og husdyrhald er viktigaste driftsformer. Det er registrert 151 mjølkekyr fordelt på 9 bønder, og 1 189 sauer over eit år, fordelt på 26 bønder. I kommunen vert det dyrka korn, frukt og bær. Ein finn til saman 45 dekar med jordbærproduksjon i kommunen.

### 3.2.13 Bygland

Bygland kommune er Aust-Agder sin nest største kommune, og ligg i innlandet. Totalarealet er 1 312 km<sup>2</sup>, av dette er 6 prosent jordbruksareal og 18 prosent produktivt skogsareal. Folketalet er 1 242 (2008), og sysselsettinga viser at 10 prosent jobbar i primærnæringa, 26 prosent jobbar i sekundærnæringa og 74 prosent jobbar i tertiærnæringa.

Berggrunnen høyrer til grunnfjellet som her består av granitt og gneis saman med omdanna sediment. I Bygland møter ein sjølv Setesdalen med fjell og vidder som gjev dalen særpreget. Meir enn 75 prosent av arealet ligg høgare enn 600 moh. og dermed over skoggrensa, og på fjellviddene når enkelte av toppane over 1 000 moh. Skilje mellom vestlands- og austlandsklima går gjennom kommunen.

I Bygland er skogbruket viktig, gjerne i kombinasjonen med jordbruk og anna arbeid. I jordbruket vart det i 2007 søkt om tilskot til 6 632 dekar jordbruksareal, fordelt på 39

bønder. Dei viktigaste jordbruksproduksjonane er grovfôrproduksjon til storfe og spesielt sau. Tal bønder som driv med sau er 20, og dei har til saman 1 483 sauer over eit år.

### 3.2.14 Valle

Valle er ein innlandskommune, og er ein del av Setesdalen. Totalarealet er 1 265 km<sup>2</sup>, av dette er 1 prosent jordbruksareal og 6 prosent produktivt skogsareal. Folketalet er 1 326 (2008), og sysselsettinga viser at 8 prosent jobbar i primærnæringa, 29 prosent jobbar i sekundærnæringa og 62 prosent jobbar i tertiærnæringa.

Berggrunnen i Valle består for det meste av grunnfjellsgneis. Heiene på vestsida av dalen når opptil 1 434 moh. (Urdalsknuten) og på austsida 1 337 moh. (Nordre Kaldeknuten).

Jordbruket er viktig for ein kommune som Valle. I 2007 vart det søkt om tilskot til 8 552 dekar, fordelt på 50 bønder. Viktigaste produksjonen innan jordbruket er sauehaldet. Det er 2 839 sauer over eit år, og 40 bønder som driv med sau.

### 3.2.15 Bykle

Bykle er ein innlandskommune, og er den nordlegaste kommunen i Aust-Agder. Bykle er den største kommunen i fylket, med totalareal på 1 467 km<sup>2</sup>, der mindre enn 1 prosent er jordbruksareal og 4 prosent er produktivt skogsareal. Folketalet i Bykle er 919 (2008), dette gjer kommunen til ein av kommunane i landet med lågast folketal. Sysselsettinga viser at 4 prosent jobbar i primærnæringa, 22 prosent jobbar i sekundærnæringa og 74 prosent jobbar i tertiærnæringa.

Berggrunnen høyrer til grunnfjellet, og består av gneisar og granittar og i mindre grad omdanna vulkanske og sedimentære bergartar. Bykle omfattar ein stor del av Setesdalsheiene. Dei vidstrekke heiene og fjellviddene inneheld ei rekke store fjellvatn, og er kjeldeområde for elva Otra. Dalbotnen stig sterkt i Bykle kommune frå 350 moh. lengst i sør til om lag 900 moh. i nord. 85 prosent av arealet ligg høgare enn 900 moh.

Bykle er minste jordbrukskommune i Aust-Agder både med omsyn til tal dekar og tal bønder. I 2007 vart det søkt om tilskot til 1 772 dekar jordbruksareal, fordelt på 13 bønder. I kommunen er det sauehaldet som er den viktigaste jordbruksnæringa. Det er 712 sauer over eit år, drive av 12 bønder, 26 mjølkekyr og berre ein mjølkebonde.

# 4 Metode og terminologi

---

## 4.1 Definisjonar

### 4.1.1 Definisjon av verdiskaping og bruk av omgrep

Omgrepet verdiskaping kan brukast på mange felt, både i faglitteratur og i meir politisk og økonomisk samanheng. I nasjonalrekneskapen og i rekneskap med basis i nasjonalrekneskapen nyttast bruttoproduktet som uttrykk for verdiskaping. Enkelt sagt er bruttoproduktet lik verdien av produserte varer og tenester minus vareinnsats. Kapitalslit (avskrivningar) er ikkje trekt i frå. Produktstøtte, til dømes prisstøtte, er med i bruttoproduktet, men ikkje støtte som ikkje kan relaterast direkte til eit produkt. Sjå til dømes SSB (2007) for ei forklaring av omgrepa i nasjonalrekneskapen.

I jordbruket er det fleire støtteordningar som ikkje er avhengige av produserte mengder, til dømes husdyrtilskot, areal- og kulturlandskapstilskot og investeringsstøtte. Slike tilskot vil ikkje verte rekna med i verdiskapinga i nasjonalrekneskapen. Dei er likevel viktige for inntektene i jordbruket og for inntektsverknaden i andre næringar. Det kan også argumenterast for at overføringane til jordbruket er betaling for produksjon av fellesgode. Omfanget av overføringane vil med andre ord vere eit mål på korleis samfunnet verdset produksjon av fellesgode reint økonomisk. Vi har difor valt å ta med alle støtteordningar i utrekninga av verdiskapinga i jordbruket.

Med utgangspunkt i driftsgranskingsdata til NILF har vi nytta denne måten å rekne faktorinntekt (verdiskaping):

- Sum inntekter, jordbruket
- + Familiens arbeid på nyanlegg
- Sum kostnader (eksklusiv avskrivningar), jordbruket
- + Kostnader til leigd hjelp
- + Kostnader til jordleige
- = «Bruttoprodukt» (tilskot inkludert)
- Sum avskrivningar, jordbruket
- = «Nettoprodukt» (tilskot inkludert)
- = Faktorinntekt

I berekningane i dette notatet, nyttar vi uttrykket *nettoprodukt* når vi omtalar verdiskaping. Nettoproduktet er betaling for arbeidsinnsats og forrenting av investert kapital. Tilsvarende uttrykk er nytta i berekningane for Hedmark (Lien m. fl., 2004), Nord-Noreg (Stornes m. fl., 2005), Sør-Trøndelag (Sjelmo m.fl., 2005), Nord-Trøndelag (Kjesbu m.fl., 2006b) og Møre og Romsdal (Kjesbu og Sjelmo, 2007).

Vi har delt inntektene i to, marknadsinntekter og offentlege tilskot. Marknadsinntekter er alle inntekter frå sal av jordbruksprodukt, eksklusive pristilskot. Leigeinntekter for bruk av traktor og reiskap m.m. inngår i marknadsinntektene. Offentlege tilskot inkluderer alle tilskot, slik som areal- og kulturlandskapstilskot, produksjonstilskot for husdyr, driftstilskot for mjølkeproduksjon, distrikts-/grunntilskot, avløysarrefusjon og diverse andre tilskot.

#### 4.1.2 Definisjon av jordbruk

I dette prosjektet er verdiskaping og sysselsetting i primærjordbruket rekna på kommunenivå for og Aust- og Vest-Agder. Med jordbruk meiner ein her tradisjonell produksjon av jord- og hagebruksråvarer som mjølk, kjøt, ull, egg, korn, frukt, bær, poteter, grønsaker og blomar. Følgjande driftsformer er med i berekningane: mjølkeproduksjon på kyr, produksjon av storfekjøt på ammekyr, sauehald, produksjon av kyllingkjøt, produksjon av svin, produksjon av egg, produksjon av potet og korn, kombinert produksjon av potet/grønsaker, einssidig kornproduksjon, veksthusproduksjon av grønsaker og blomar, produksjon av frukt og bær, produksjon av pelsdyr og birøkt. Oppdrett av hjort, oppdrett av hest og andre driftsformer av mindre omfang, er det ikkje gjort berekningar for i dette prosjektet.

## 4.2 Metode og datagrunnlag

I all hovudsak er det nytta to datakjelder som bakgrunn for berekningane. SLF har registreringar over utbetalte produksjonstilskot, og dei er nytta for å finne tal bruk på kommunenivå, innan ulike storleiksgrupper og for dei einskilte driftsformene. Det er brukt data for året 2006. Data frå driftsgranskingane er nytta som grunnlag for å finne inntekter og kostnader for dei ulike driftsformene og storleiksgruppene.

Det er ikkje gode nok data frå driftsgranskingane på kommunenivå. Berekningane for den enkelte kommune er derfor gjort på grunnlag av data for eit større geografisk område som kommunen naturleg høyrer til. For einskilte driftsformer, der vi har lite data frå Agder-fylka, har vi styrka datagrunnlaget ved å nytte data frå aktuelle område utanfor Agder, til dømes Telemark. For nokre driftsformer av mindre omfang, er det brukt kalkylar for å få rette tal for verdiskapinga.

Statistisk sentralbyrå (SSB, 2008c) oppgjev tal jordbruksbedrifter i 2006 til å vere 1 998 for Agder-fylka, medan tal føretak/bedrifter som søkte om tilskot i 2006, i følge SLF (2008), var 1 910. Det er rimeleg å rekne med at dei jordbruksbedriftene som ikkje

søker eller ikkje oppnår tilskot, er svært små i økonomisk omfang, og at også arbeidsinnsatsen på desse bruka var låg. Det kan også vere bruk som ikkje har krav på tilskot, som til dømast spesialisert produksjon av pelsdyr.

Av 1 910 søkarar/bruk som søkte om tilskot i 2006, er 720 i Aust-Agder og 1 190 i Vest-Agder. Dette er søkarar/bruk som har rett på produksjonstilskot, og det vil seie at dei har ei viss omsetjing<sup>3</sup> på bruket. I våre berekningar har vi 1 840 einingar/bruk (sjå vedlegg). Dette talet kan ikkje samanliknas med tal bruk registrert hjå SLF. Årsaka er at produksjonar som veksthus, birøkt og pelsdyr ikkje er registrert som eit bruk, men som eining, fordi vi her har nytta kalkylar i berekninga av verdiskapinga (sjå kap. 4.3). Vi har med alle husdyr og alt areal som er registrert i begge fylka. For dei dominerande produksjonane, husdyr og hagebruk, har vi tatt utgangspunkt i tal husdyr og areal som er registrert i tilskotsregisteret til SLF, og kopla dette med økonomidata frå driftsgranskningane. Driftsgranskningane dekkjer berre bruk som har yrkesmessig drift og ein omsetning på meir enn 8 ESU<sup>4</sup>. Derfor vert gjennomsnittleg bruksstorleik noko større i våre berekningar enn kva som er realiteten. Dei små bruka som er registrert i tilskotsregisteret til SLF, vert på denne måten slått saman i den næraste storleiksgruppa innan kvar driftsform. Til dømes er det mange bruk i Agder (600 bruk) som har små buskapar med sau. Det kan vere bruk med 20–40 vinterfôra sauer. Desse bruka går inn i gruppa, *sau mindre enn 75 vinterfôra*, som har eit snitt på 59 vinterfôra sauer. Etter våre berekningar har vi da 358 bruk, og tal vinterfôra sauer er den same.

Berekna tilskot har totalt vorte 6 prosent høgre enn det som faktisk vart betalt ut i tilskot frå SLF. Noko av differanse kjem av at SLF ikkje rapporterer for alle tilskota, og at nokre av bruka i Agder er så små at dei kan gå glipp av tilskot samanlikna med storleiken på dei bruka som er utgangspunkt for dei økonomiske data. Verdiskapingsberekningane er likevel i akseptabel nærleik av dei faktiske tilhøva, også på kommunenivå.

For å finne tal bruk til berekningane, er tal einingar frå tilskotsregisteret til SLF delt på gjennomsnittleg bruksstorleik på driftsgranskingsbruka/ kalkylar. I tabell 2.3 samanliknar vi tal søkarar/bruk til SLF med tal bruk som er berekna ved hjelp av modellen.

Vi har berekna sysselsettinga i Jordbruket i Aust-Agder og Vest-Agder til å vere 1987 årsverk. SSB (2008c) har i 2005<sup>5</sup> registrert 2 122 sysselsette i jordbruket Agderfylka (inkl. jakt og viltstell). Differansen er på 135. Noko av denne differansen skuldast at tala frå SSB også inkluderer sysselsette i jakt og viltstell, men hovudårsaka til differansen er at SSB registrerer tal sysselsette og ikkje tal årsverk. Ein deltidstilling vert i SSB register rekna som ein sysselsett. Tala frå vår berekning vert difor vanskelig å samanlike med tal frå SSB.

---

<sup>3</sup> For å ha rett på produksjonstilskot måtte produsenten i 2006 omsetje for minst kr 30 000.

<sup>4</sup> Ein ESU tilsvarer eit standard dekningsbidrag på om lag 10 000 kr.

<sup>5</sup> Når dette notatet vert skriva, er det ikkje publisert data frå SSB for sysselsetting for 2006.

Tabell 4.1 Tal søkarar hos SLF og tal bruk i berekningane til NILF i Agderfylka

Husdyr/vekstar i søkarregister til SLF	Tal søkarar til SLF	Driftsformer i berekningane til NILF	Tal bruk i berekningane
Mjølkekyr	542	Mjølkeproduksjon spesialisert	494
Ammekyr	289	Ammekyr spesialisert	180
Vinerfora sau	749	Sauehald spesialisert	515
Slaktekylling	6	Fjørfekjøl spesialisert	1
Alspurker	35	Gris spesialisert	34
Verpehøner	112	Egg spesialisert	39
Potet	137	Potet/korn	12
Korn, bygg	158	Korn, spesialisert	14
Grønsaker på friland	61	Grønsaker/potet/husdyr/grasfrø	25
Engfrø og anna frø til modning	39	(Slatt saman med grønnsaker)	
Veksthus og drivbenker	12	Veksthus agurk	15
Planteskule/blomar på friland	15	Veksthus blomar	102
Jordbær	50	Jordbær/frukt/husdyr	41
Andre bær	28	(Slatt saman med jordbær)	
Frukt alle	37	(Slatt saman med jordbær)	
Pelsdyr	Ikkje registrert	Pelsdyr	24
Bikuber	Ikkje registrert	Birøkt	344
Sum søkarar	2 270		
Tal bedrifter/føretak	1 910	Tal bruk i berekningane	1 840

Kjelde: SLF og egne berekningar på grunnlag av data fra SLF og NILF

### 4.3 Metode for spesielle produksjonar

Kornproduksjon utgjer ein liten del av jordbruket i Agder, og det er få spesialiserte kornbruk. Likevel har fleire bruk kornproduksjon som ein del av eit vekstskifte. Det er ein god del korn på bruk med annan planteproduksjon, og mindre korndyrking på husdyrbruk. Enkelte kommunar har med våre berekningar komme ut med ein for høg eller for låg kornproduksjon. For å kompensere for dette har vi trekt frå eller lagt til kornproduksjon på bruka med kombinert produksjon. Vi har brukt kostnads-, inntekts- og resultatdata frå einseitig kornproduksjon når vi har vi berekna økonomital for all kornproduksjon i den einskilde kommune.

Det er få av grønnsaksbruka i Agder som driv med spesialisert grønnsaksproduksjon. Dei aller fleste har ein kombinert produksjon, med til dømes potet, grasfrø og husdyr. Det gjer at bruka er vanskelege å splitte i spesialiserte produksjonar, og vi vil nødvendig ty til kalkylar fordi vi meiner å ha gode økonomiske tal for desse kombinasjonane i driftsgranskningane. Det at dei driv kombinert produksjon, gjer at dei oppnår eit godt økonomisk resultat, mellom anna ved at dei har produksjon gjennom heile året og at dei får fordelt dei faste kostnadene på fleire produksjonar. I tillegg er vekstskifte viktig i grønnsaksproduksjon. Splittar vi driftseiningane i spesialiserte produksjonar, misser vi ein del av dette bildet. Vi har derfor valt å sjå på bruka med den kombinertproduksjonen dei har. Vi har måtta korrigere for husdyrhald på einseitige husdyrbruk, og det har vi gjort ved å redusere husdyrtalet i kommunane med ein faktor som er berekna med utgangspunkt i tal dyr på grønnsaks- og potetbruk i den einskilde kommunen. Utgangspunktet har vore at vi skal ha med alle dyra og alt areal, rett fordelt på dei ulike produksjonane, som er registrerte i tilskotsregisteret til SLF.

Bærprodusentane gjev oss dei same utfordringane som grønsaksprodusentane. Vi har difor valt å nytte same metode for berekning. Vi har valt jordbær som representativ vekst, da jordbær er den bærkulturen det vert dyrka mest av i Agder. Dei bruka som ligg til grunn for dei økonomiske berekningane, har alle jordbær som hovudproduksjon, og frukt, potet og husdyr som tilleggsproduksjonar.

For veksthusnæringa er det nytta fleire ulike kjelder for utrekning av verdiskaping. Omfang og produksjon av ulike veksthusprodukt er henta frå oversikter frå fylkesgartnaren i Vest-Agder. Det er nytta fire kalkylar for dette, ein for potteplanter (julestjerne), ein for snittblomar (rosar), ein for veksthusgrønsaker (agurk) og ein for sommarblomar (kinanellik). Data for inntekter og variable kostnader for dei ulike produksjonane er henta frå Handbok for driftsplanlegging (NILF 2007) basert på informasjon frå Veksthusringen. Data for faste kostnader er henta frå rekneskap hos ein produsent i driftsgranskingane og ein produsent via Veksthusringen.

Verdiskaping for pelsdyr er basert på omsetning av skinn i perioden november 2006 og oktober 2007. Det er kommunevise oppgåver frå Norsk Pelsdyrslag som ligg til grunn. Inntektene i produksjonen er henta direkte frå omsetnadstala. Kostnadene i produksjonen er henta frå to pelsdyrfarmer i driftsgranskingane, i tillegg til kalkylar for pelsdyrproduksjon i Handbok for driftsplanlegging (NILF 2007).

Verdiskaping for birøkt er basert på økonomital frå Handbok for driftsplanlegging (NILF 2007), økonomiforsøk på birøkt (Stornes 2006) og frå lokale birøktarlag og Honningsentralen. Dei to sistnemnte har også gjeve gode tal om produksjon og tal kuber for dei to fylka. Vi har ikkje tal på kommunenivå, men har berekningar om produksjon og verdiskaping for begge fylka.

Berekningane for verdiskaping i birøkt er usikre fordi det er så store variasjonar i driftsoverskot mellom einskilde bruk, områder og mellom år. Berekningane tar utgangspunkt i tal for produksjon og pris frå dei lokale birøktarlaga i Agder, variable kostnader for heile landet frå Handbok for driftsplanlegging (NILF 2007) og tal for faste kostnader for Vestlandet, henta frå Stornes (2006).

Tal for sysselsetting i birøkt har vi henta frå Stornes (2006) og birøktarlaget i Vest-Agder.

### 4.3.1 Data fra SLFs tilskotsregister

Datagrunnlaget til SLF består av data frå tre teljedatoar, 01.01. og 31.07. i 2006 og 01.01.07. For mjølkekyr, ammekyr, avlspurker, verpehøner, åkervekstar, veksthus, frukt og bær har vi brukt teljinga 31.07.06. For vinterfôra sauer er 01.01.06 teljedatoen, og for slaktekyllingar er teljedato 01.01.07. Tabell 4.2 viser kva for teljedatoar som er nytta for å finne tal produksjonseiningar for ulike driftsformer og storleiksgrupper.

Tabell 4.2 Data fra tilskotsregister til SLF<sup>6</sup>; teljedatoar, einingar og storleiksgrupper

Driftsform	Einingar	Teljedato	Storleiksgrupper
Mjølkk, kyr	Tal mjølkekyr	31.07.06	< 15 > = 15
Ammekyr	Tal ammekyr	31.07.06	
Sauehald	Tal vaksne sauer over 1 ar + tal sauer under 1 ar	01.01.06	< = 75 > 75
Fjørfe	Tal slaktekylling	01.01.07	
Svin	Tal avlspurker + tal ungpurker for avl	31.07.06	
Egg	Tal verpehøner	31.07.06	
Potet/korn	Tal daa potet	31.07.06	
Einsidig korn	Tal dekar korn pa bruk som søker arealtilskot berre pa korn	31.07.06	
Grønsaker/potet/husdyr/ grasfrø	Tal dekar grønnsaker/potet pa friland	31.07.06	
Veksthus, grønnsaker og blomar	Tal kvm veksthus og drivbenkar	I drift 2007	
Bær/frukt/potet/ mjølkk	Tal dekar jordbær + tal daa andre bær	31.07.06	
Frukt	Tal dekar frukt	31.07.06	
Pelsdyr	Tal pelsdyrskinn	31.10.07	
Birøkt	Tal kuber	2007	

Vi finn tal bruk med dei ulike driftsformene ved å dele tal einingar i ulike storleiksgrupper på gjennomsnittstorleiken for driftsgranskingsbruka.

## 4.4 Metode for a berekne verdiskaping for einskilde driftsformer

Det er 1 910 bruk i Agder som søkte om produksjonstilskot i 2006. Desse bruka er svært ulike både med omsyn på driftsform, storleik og kva for produksjonsgrunnlag dei har i høve til geografisk plassering. Det betyr at det er nødvendig med grunnlagsdata for mange ulike bruk.

### 4.4.1 Data fra NILFs driftsgranskingar og kalkylar

Tabell 4.3 viser kva for økonomidata for ulike driftsformer og storleikar på bruk som er nytta i berekningane. Tabellane viser også gjennomsnittleg bruksstorleik i dei ulike gruppene. Den gjennomsnittlege bruksstorleiken er nytta til å finne fram til tal bruk som skal inngå i berekningane.

<sup>6</sup> Veksthus, pelsdyr og birøkt er ikkje registrert i SLF tilskotsregister og produksjonseiningar er henta frå andre kjelder.



Tabell 4.3 Data fra NILF; driftsgranskingar, kalkylar og andre

Driftsform	Økonomital fra driftsgranskingane og kalkylar	Storleiksgrupper	Gj.sn. storleik
Mjølke, tal årskyr ved teljedato	Tal fra Agder og Telemark		
	-Kystbygder	< 15	10,6
	-Indre bygder	< 15	11,8
	Tal fra Agder og Telemark		
	-Kystbygder	> = 15	18,9
	-Indre bygder	> = 15	21,6
Ammekyr, tal kyr ved teljedato	Landstal utan flatbygder og NN <sup>7</sup>		15,5
Sauehald, tal sau og lam ved teljedato	Landstal utan flatbygder og NN	< 75	59
	Landstal utan flatbygder og NN	> = 75	134
Fjørfe, tal dyr ved teljedato	Landstal korrigert		70 639
Svin, tal purker ved teljedato	Tal fra Aust- Sør- og Vestlandet		45,2
Egg, tal verpehøner ved teljedato	Tal fra Aust- og Sørlandet		6032
Potet/korn, daa potetareal	Tal fra Sør- og Austlandet korrigert		66
Einsidig korn, daa kornareal	Tal fra Sør- Austlandet korrigert		243
Grønsaker/potet/husdyr/grasfrø, daa grønnsaker og potet	Tal fra Sørlandet, hovudsakleg Agder		144
Veksthus, grønnsaker og blomar, tal m <sup>2</sup> veksthus	Tal fra Agder og kalkylar for landet		1 000
Bær/frukt/potet/mjølke, daa bær	Tal fra Sør- og Vestlandet		32
Frukt, daa fruktareal	Tal fra Vestlandet		50
Pelsdyr, tal skinn	Landstal og kalkylar for Agder		
Birøkt	Kalkylar for landet og tal fra faglag		

### Mjølkeproduksjon

For mjølkeproduksjon er det nytta tal for Agder og Telemark frå driftsgranskingane til NILF. Bruka er sortert i to storleiksgrupper, mindre enn 15 årskyr, større/ lik 15 årskyr, og etter om bruka ligg i ein kyst- eller innlandskommune.

### Kjøttproduksjon på ammekyr

Økonomidata er henta frå driftsgranskingane til NILF for heile landet, med unntak av Nord-Noreg, flatbygdene og Jæren. Det er brukt berre ei storleiksgruppe. Nokre av ammekyrne finn vi på mjølkebruk, men fordi det er få ammekyr med i driftsgranskingmaterialet for mjølkeproduksjon, har vi valt å ta utgangspunkt i at alt hald av ammekyr er spesialisert.

### Sauehald

Bruk med sauehald er delt i to storleiksgrupper, <75 vinterfôra sauer (vfs), >=75 vfs. Økonomidata for dei to gruppene er landstal, men bruk frå Nord Noreg, flatbygdene på Austlandet og Trøndelag og Jæren, er ikkje med. Alle data er frå driftsgranskingane til NILF.

<sup>7</sup> Nord-Noreg

### **Fjørfekjøt**

For produksjon av fjørfekjøt har vi nytta tal frå driftsgranskingane til NILF for områda-  
ne på Aust- og Sørlandet.

### **Svinehald**

Økonomidata for svinehald er henta frå driftsgranskingane til NILF for Sør-, Aust- og  
Vestlandet.

### **Eggproduksjon**

Økonomidata for produksjon av egg er henta frå driftsgranskingane til NILF for Sør- og  
Austlandet.

### **Potet- og kornproduksjon**

Økonomidata for potetproduksjon er henta frå driftsgranskingane til NILF for Aust- og  
Sørlandet. Data er korrigert for kornslag, avlingsnivå, prisar og tilskot, tilsvarande  
produksjonstilhøva i Agder.

### **Einsidig kornproduksjon**

Økonomidata er henta frå NILFs driftsgranskingar for Aust-/ Sørlandet og Trøndelag,  
og korrigert for avling og arealtilskot som for potet- og kornproduksjon. Årsaka til des-  
se korrigeringsane er at det vert dyrka mindre bygg og meir kveite og havre på Aust-  
landet. Avlingsnivået er også høgare på Austlandet, medan arealtilskotet er lågare enn  
i Agder.

### **Kombinertproduksjon Grønsaker og potet**

For dei kombinerte grønsaksbruka har vi henta økonomital frå driftsgranskingane for  
Aust- og Sørlandet, men hovudsakleg frå Aust-Agder.

### **Veksthusproduksjon**

Det er henta økonomidata frå Veksthusringen, Handbok for driftsplanlegging (NILF  
2007) og frå driftsgranskingar i jord- og skogbruk.

### **Fruktproduksjon**

Økonomidata er henta frå driftsgranskingane, hovudsakleg for områda på Vestlandet.

### **Bærproduksjon**

Økonomidata for bærproduksjon er henta frå driftsgranskingane for Aust- Sør- og Vest-  
landet.

### **Pelsdyr**

Økonomidata for pelsdyr er henta frå pelsdyralslaget, tal frå kalkylar og driftsgransk-  
ingane.

### **Birøkt**

Økonomitala er henta frå dekningsbidragskalkylar, birøktarlaget i Aust- og Vest-Agder  
og Honningcentralen.

## 5 Resultat fra berekningane for jordbruket

---

### 5.1 Resultat fra jordbruket i Agder

Det er berekna tal for produksjonsinntekter, verdiskaping og sysselsetting i jordbruket for Agder-fylka, alle kommunane og dei ulike driftsformene i desse to fylka.

Den totale verdiskapinga i jordbruket i Agder fylka er berekna til 332 mill. kr i 2006. For Vest-Agder er berekna verdiskaping 197 mill. kr og for Aust-Agder 135 mill. kr. Til samanlikning var verdiskapinga i jordbruket i Møre og Romsdal berekna til ca. 700 mill. kr i 2005 (Kjesbu og Sjelmo 2007). Kjesbu m.fl. (2006b) berekna verdiskapinga i jordbruket i Nord-Trøndelag til ca. 1,1 mrd. kr i 2004, Sjelmo (2005) berekna verdiskapinga i jordbruket i Sør-Trøndelag i 2003 til 816 mill. kr. Lien (2004) berekna verdiskapinga i Hedemarksjordbruket til 894 mill. kr i 2002, og Stornes (2005) berekna verdiskapinga i Nordland, Troms og Finnmark til saman, til ca. 1 mrd. kr i 2003.


Den samla omsetnaden frå jordbruket i Agder var i 2006 på 1 041 mill. kr og av dette utgjorde marknadsinntektene 736 mill. kr og dei offentlege tilskota 305 mill. kr. Sum kostnader i jordbruket var på 814 mill. kr og av dette var avskrivningane 123 mill. kr.

Arbeidsforbruket i jordbruket var på 1 987 årsverk á 1 845 timar og det tilsvarer eit arbeidsforbruk på 3,67 mill. timar.


Figur 5.2 viser verdiskapinga i dei ulike kommunane<sup>8</sup> i Agder. Kommunane med størst verdiskaping er Grimstad med 53 mill. kr og Farsund med 29 mill. kr.

---

<sup>8</sup> Verdiskaping på birøkt er ikkje med da vi ikkje har tal for birøkt på kommunenivå




Figur 5.1 Verdiskaping i Agder, geografisk fordeling



Figur 5.2 Verdiskaping i Agder, fordelt på kommunar, i millionar kr

## 5.2 Produksjonsinntekter

Produksjonsinntektene inngår som ein viktig del i omgrepet verdiskaping. Produksjonsinntekter er verdien av varer og tenester som er produserte i løpet av året. Produksjonsinntektene for jordbruket Agder utgjør i sum 1 041 mill. kr, der 625 mill. kjem frå Vest-Agder og 416 mill. frå Aust-Agder. Av dette utgjør marknadsinntektene 736 mill. kr fordelt på Vest-Agder og Aust-Agder med høvesvis 419 og 317 mill. kr. I figur 5.3 har vi fordelt produksjonsinntektene på kommunane<sup>9</sup> i Agder, og det er Grimstad og Farsund som kjem ut med dei høgste produksjonsinntektene. I Farsund er det husdyrproduksjon, i all hovudsak mjølkeproduksjon, som dominerer, og i Grimstad er det hagebruk som står for det meste av produksjonsinntektene i kommunen. Hagebruk kvalifiserer ikkje til like mykje tilskot som mjølkeproduksjon. Differansen mellom marknadsinntekter og produksjonsinntekter er difor mindre i Grimstad enn i Farsund. Det er stor avstand mellom dei to største jordbrukskommunane, målt i omsetnad, og ned til dei neste, Arendal, Kvinesdal og Lindesnes. Det er også større jordbruksaktivitet i kommunane i Vest-Agder enn i Aust-Agder.




Figur 5.3 Produksjonsinntekter, marknadsinntekt og tilskot fordelt på kommunenivå, i 1000 kr

<sup>9</sup> Marknadsinntekter for birøkt er ikkje med

### 5.3 Verdiskaping for dei ulike produksjonane i jordbruket


Det er mjølkeproduzentane som bidrar med den største verdiskapinga i jordbruket i Agder. Sauehaldet er viktig for verdiskapinga i innlandskommunane. Hagebruk, som grønsaker, potet og veksthus, er viktigast for kystkommunane i Aust-Agder, særleg i Grimstad. Korn, kyllingproduksjon og pelsdyr gir eit lite bidrag til verdiskapinga (figur 5.4).



Figur 5.4 Verdiskaping i jordbruket fordelt etter driftsform

### 5.3.1 Mjølkeproduksjon


Det var 8 000 årskyr i Agder i 2006, fordelt på 509 bruk. Våre berekningar viser at verdiskapinga i spesialisert<sup>10</sup> mjølkeproduksjon var på til saman 145 mill. kr, og er den klart dominerande produksjonen i Agder målt i verdiskaping og sysselsetting. Marknadsinntektene i mjølkeproduksjonen utgjorde 265 mill. kr og 152 mill. kr var offentlege tilskot. I 2006 vart det lagt ned 1,5 mill timar i mjølkeproduksjonen i Agder, noko som tilsvarer 824 årsverk. Farsund kommune er den største produsenten av mjølk, og verdiskapinga er berekna til 17 mill. kr. Målt i verdiskaping er det langt til dei neste kommunane, Lyngdal, Marnardal og Audnedal, med 10 mill. kr i gjennomsnittleg verdiskaping. Arendal er den kommunen i Aust-Agder med høgste verdiskaping på mjølkeproduksjon, med omlag 9 mill. kr. Det er ingen mjølkeproduksjon i Vegårshei, og tre bruk med til saman 26 kyr i Kristiansand. Dei er med i vår modell på bruk med bærproduksjon, sjå 5.3.6 bær og frukt.



Figur 5.5 Verdiskaping i mjølkeproduksjonen, geografisk fordelt

<sup>10</sup> Spesialisert mjølkeproduksjon betyr at meir enn 75 prosent av omsettinga kjem frå produksjon av mjølk.






Figur 5.6 Verdiskaping i mjølkeproduksjon etter kommune, i 1 000 kr


### 5.3.2 Sauehald

Ved teljedato i 2006 var det 42 000 sauer i Agder fordelt på 780 bruk. Verdiskapinga på desse bruka var på 46 mill. kr. Sauehaldet er ei næring med låg lønsemd, og sauehaldet er den einaste næringa i Agder der summen av utbetalte tilskot er høgre enn marknadsinntektene, høvesvis 88 mill. og 60 mill. kr. Næringa hadde til saman 471 årsverk i 2006, noko som tilsvarer 869 000 timar.

Den høgste verdiskapinga på sauehald er i Kvinesdal kommune med 6 mill. kr (figur 5.7). Alle kommunane i Agder har sauer, og det er flest i innlandskommunane.




Figur 5.7 Verdiskaping i sauehaldet, geografisk fordelt




Figur 5.8 Verdiskaping i sauehaldet etter kommune, i 1 000 kr

### 5.3.3 Produksjon av kjøtfe

Produksjon av kjøtfe har, saman med sauehald, tradisjonelt hatt låg lønsemd, og verdiskapinga for spesialisert kjøtproduksjon i Agder var i 2006 på 25 mill. kr fordelt på 211 årsverk. Marknadsinntektene for kjøtproduksjon var på 50 mill. kr, og tilskota utgjorde 44 mill. kr. I Agder var det 2 800 ammekyr fordelt på 282 bruk i 2006. Det var flest kyr i Farsund, noko som viser att i verdiskaping (figur 5.10). I Farsund er verdiskapinga for kjøtfeproduksjon nesten dobbelt så høg som i neste kommune, Lyngdal. Mykje av forklaringa ligg i dei naturgitte forholda på Lista som gir eit godt grunnlag for jordbruk.



Figur 5.9 Verdiskaping i produksjon av kjøtfe, geografisk fordelt




Figur 5.10 Verdiskaping i produksjon av kjøtfe, i 1 000 kr


### 5.3.4 Svineproduksjon

Det er lite svineproduksjon i Agder, og ved teljedato i 2006 var det registrert 1 700 purker, fordelt på 37 bruk. Total verdiskaping for ein-sidig svineproduksjon var 11 mill. kr. Marknadsinntektene var i same periode 59 mill. kr, og 4 mill. kr vart utbetalt i tilskot. Svineprodusentane la ned 80 000 timar i jordbruket, noko som tilsvarer 44 årsverk.

I Søgne kommune er verdiskapinga frå ein-sidig svineproduksjon på om lag 3 mill. kr, Farsund 2,4 mill. og Kristiansand 2 mill. kr. Det er få produsentar i Aust-Agder som har svin som spesialisert driftsform. Det er derimot fleire bruk som har svin som ein del av ein blanda produksjon, mellom anna i kombinasjon med potet og grønnsaker (Sjå kap. 5.3.6).



Figur 5.11 Verdiskaping i produksjon av svin, geografisk fordelt




Figur 5.12 Verdiskaping i produksjon av svin, i 1 000 kr

### 5.3.5 Egg

Det var 140 000 høner i Agder ved teljedatoen i 2006. Nokre av desse finn vi på bruk med blanda produksjonar (sjå kap. 5.3.6). Verdiskapinga på dei spesialiserte bruka var på ni millionar kroner. Marknadsinntektene var 41 millionar, og dei statlege tilskota fire millionar kroner. Arbeidsinnsatsen var i 2006 på 79 000 timar som utgjorde 43 årsverk for næringa.

For Grimstad har vi berekna verdiskapinga til å vere 3,1 mill. kr og for Flekkefjord 1,3 millionar. Arbeidsinnsatsen for eggprodusentane i kommunane var på høvesvis 15 og 6 årsverk.




Figur 5.13 Verdiskaping i produksjon av egg, i 1 000 kr




### 5.3.6 Hagebruk

Verdiskaping for produksjon av hagebruksprodukt er på 86 mill. kr, og inkluderer kombinertproduksjon grønsaker/potet/korn/husdyr, veksthus, fruktproduksjon og kombinertproduksjon bær/frukt/potet/husdyr. Nesten halvparten av all verdiskaping i hagebruk i Agder skjer i Grimstad kommune (figur 5.15). Grimstad er størst på alle produksjonar innan hagebruk.



Figur 5.14 Verdiskaping i hagebruk, geografisk fordelt



Figur 5.15 Verdiskaping i hagebruket, i 1 000 kr

## Grønsaks – og potetproduksjon

Under overskrifta «hagebruk» finn vi ulike vekstar på friland og i drivhus. Grønsaks- og potetproduksjon er ein viktig jordbruksproduksjon i Agder, spesielt for Grimstad kommune. Som nemnt i metodekapittelet, har vi valt å sjå på grønssaksproduksjon som ein produksjon som driv kombinert med andre produksjonar, til dømes potet, korn og husdyr. Bruka som ligg til grunn for våre berekningar, har i snitt per bruk 160 daa grønssaker og poteter, 289 daa korn, 19 daa grasfrø, 176 høner, åtte purker og ei ammeku. Verdiskapinga på desse bruka er på til saman 28 mill. kr. Marknadsinntektene er på 60 mill. kr, og tilskot frå staten er 3 mill. kr. Grønssaks- og potetproduksjon krev stor arbeidsinnsats i sesongen, og det gjekk med 154 000 timar i 2006, som tilsvarer 84 årsverk.

Grimstad har 66 prosent av grønssaks- og potetproduksjonen i Agder, og verdiskapinga er på 19 mill. kr. Næringa sysselset 56 årsverk i Grimstad, og mykje er innleigd arbeidskraft frå Aust-Europa.

## Veksthus

Veksthusnæringa er stor i Agder, og verdiskapinga er dobbelt så stor i Aust-Agder som i Vest-Agder. Til saman er verdiskapinga i veksthusnæringa på 35 mill. kr. Marknadsinntektene er på 141 mill. kr og dei mottar ikkje tilskot frå staten. Næringa sysselset 133 årsverk. Veksthusnæringa i Agder har potteplanter som hovudproduksjon, deretter sommarblomar og snittplanter. Det er også noko produksjon av grønssaker, som agurk og tomat, men ikkje på langt nær så omfattande som produksjon av blomar.

Grimstad kommune står for 53 prosent av verdiskapinga i veksthus.


## Bær og frukt

Bær og frukt er ein viktig produksjon for mange kommunar i Agder (figur 5.2). På same måte som for grønssaks/ potetprodusentane, har vi valt å sjå på bær/ fruktproduksjon som ein produksjon som driv kombinert. Bruka som ligg til grunn for våre berekningar, har i snitt per bruk 40 daa bær og frukt, 108 daa grovfôr og beite, 18 daa korn og 4,8 årskyr.

Bær og frukt har til saman ei verdiskaping på 23 mill. kr. Marknadsinntektene er på 33 mill. kr og dei offentlege tilskota utgjer 6 mill. kr. Produksjonen sysselsette 123 årsverk i 2006. Grimstad kommune har den høgste verdiskapinga med 4,6 mill. kr, så kjem Søgne og Kristiansand med om lag 3 mill. kr kvar i verdiskaping på frukt og bær.

### 5.3.7 Potet/ korn og korn spesialisert


Potet/korn hadde ei verdiskaping i underkant av 2 mill. kr i 2006, og tilsvarende tal for spesialisert kornproduksjon var 0,7 mill. kr. Det er lite kornproduksjon i Agder, og det meste av kornproduksjonen vert drive på bruk med annan planteproduksjon, som ein del av eit vekstskifte. Igjen er det Grimstad som har den største verdiskapinga med 0,9 mill. kr.



Figur 5.16 verdiskaping i potet- og kornproduksjon

### 5.3.8 Pelsdyr

Pelsdyrnæringa i Agder betyr lite for fylka totalt sett, men betyr mykje i nokre kommunar, mellom anna i Marnardal og i Vegårshei (figur 5.17). Pelsdyrnæringa har ein berekna verdiskaping på om lag 1 mill. kr. Produsentane av pelsdyrskinn mottar ikkje tilskot, og marknadsinntektene var i 2006 på kr 4,5 mill. kr. Næringa sysselset 5 årsverk.



Figur 5.17 Verdiskaping i pelsdyrnæringa

### 5.3.9 Birøkt

Birøkt er ein stor produksjon i Agder, og det vert produsert honning i dei fleste kommunane. Aust-Agder har den største produksjonen med 200 tonn, og Vest-Agder har 110 tonn. Dei naturgjevne vilkåra for honningproduksjon er betre i Aust-Agder med meir sommarblomar og villbringeblomar. Betre vilkår gjer at biene i Aust-Agder produserer meir honning per kube enn biene i Vest-Agder. Honningproduksjonen variere mykje mellom år, og 2007 var eit godt år for honningprodusentane i Agder.

Tabell 5.1 viser produksjonsinntekt og verdiskaping i birøkt for Aust-Agder og Vest-Agder. Tala er rekna med utgangspunkt i økonomital frå ulike informantar, og det er store variasjonar i driftsoverskot mellom produsentar.


I Vest-Agder er det kommunane Kristiansand, Kvinesdal, Farsund, Flekkefjord, Mandal og Lindesnes som har størst produksjon av honning. I Aust-Agder er det kommunane Froland, Åmli, Arendal, Grimstad, Lillesand og Gjerstad som har størst produksjon.

Tabell 5.1 Verdiskaping i birøkt, fylkestal

	Honning kr per kg	Kg per kube	Tal kuber	Honning kg i alt	Produk- sjonsinntekt	Verdi- skaping
Aust-Agder	40	40	5 000	200 000	8 000 000	4 115 000
Vest-Agder	40	27	4 100	110 000	4 428 000	1 242 000
Agder	40		9 100	310 000	12 428 000	5 357 000

## 5.4 Verdiskaping per innbyggjar

Bereknar vi verdiskaping per innbyggjar ser vi at fargekodane flyttar seg innover i fylka (figur 5.18). Det tydar på at jordbruket har stor betydning også for dei mindre jordbrukskommunane.




Figur 5.18 Verdiskaping per innbyggjar, geografisk fordelt

## 5.5 Sysselsetting i jordbruket

Tal frå modellen viser at det til saman i Aust- og Vest Agder er gjennomført om lag 3,7 mill. arbeidstimar i jordbruket i 2006, noko som tilsvarer 1 987 årsverk<sup>11</sup>. Vest-Agder har flest arbeidstimar med om lag 2,3 mill., noko som tilsvarer 1 251 årsverk. I Aust-Agder er det utført 1,4 mill. arbeidstimar, som tilsvarer 736 årsverk.

I figur 5.20 framstiller vi alle kommunar i Aust- og Vest-Agder etter tal årsverk i jordbruket. I Vest-Agder har Farsund kommune flest årsverk, med 175. Kvinesdal ligg som nr to med 126 årsverk. Dei kommunane i Vest-Agder som har lågast sysselsetting i jordbruket, er Søgne og Kristiansand. I Søgne vart det gjennomført 52 årsverk, medan Kristiansand hadde 37 årsverk i jordbruket.


Kommunen i Aust-Agder med høgast sysselsetting i jordbruket, er Grimstad. Sysselsettinga i Grimstad er 214 årsverk, som er over dobbelt så mange årsverk som nokon annan kommune i fylket. Arendal har og høg sysselsetting med 97 årsverk. Kommunane som har lågast sysselsetting i jordbruket, er Bykle og Vegårshei. I Bykle var sysselsettinga 12 årsverk og i Vegårshei ni årsverk.



Figur 5.19 Tal årsverk i jordbruket, geografisk fordelt

<sup>11</sup> Eit årsverk tilsvarer 1 845 arbeidstimar.





Figur 5.20 Tal årsverk i jordbruket i kommunane i Aust- og Vest-Agder



## 6 Tilleggsnæring

---

Mange gardbrukarar driv andre næringar på garden enn tradisjonelt jordbruk eller skogbruk. Næringsaktivitet utanom jord- og skogbruk med basis i ressursane på bruket, vert definert som tilleggsnæring. Målet med notatet, er som nemnt å gje svar på kva verdiskaping jordbruket gjev i Agder-fylka. I ein slik samanheng er det naturleg også å ta med den verdiskapinga som tilleggsnæringa gjev. I dette kapittelet har vi difor gjort ei berekning av verdiskapinga i tilleggsnæringar i landbruket. Når det gjeld tilleggsnæring, vil vi ikkje gå ned til kommunenivå, men halde oss til fylke. Dette fordi det ikkje finst data på kommunenivå av nyare dato.

### 6.1 Datakjelder og metode

I undersøkinga av tilleggsnæring har vi nytta data frå NILFs driftsgranskningar i jord- og skogbruk. For å bli trekt ut til driftsgranskningane, skal brukaren ha eit standard dekningsbidrag som minst svarar til 8 ESU, eller nærmare kr 80 000. For bruka som har eit standard dekningsbidrag under 8 ESU, nyttar vi data frå ei intervjuundersøking på mindre bruk (Sjelmo m.fl., 2006). Her vart det på landsbasis gjennomført telefonintervju av 245 brukarar på mindre bruk, 12 av desse var frå Agder og Rogaland.

I undersøkinga nyttar vi også data frå jordbruksundersøkinga til SSB. Denne har annakvart år spørsmål om arbeidsinnsats i tilleggsnæring. Siste tala for arbeidsinnsats er frå 2005. I SSB sin jordbruksstatistikk er det tatt med både bruk som er større og mindre enn 8 ESU, dessutan også dei bruka som ikkje har krav på tilskot.

Tal bruk finn vi i produksjonsregisteret til SLF frå 2006. Her er alle jordbruksbedrifter som søker tilskot, registrerte, og vi tek utgangspunkt i at alle som har rett på tilskot, faktisk også søker om det.

Vi vil nytte dei ulike kjeldene til å presentere kva for tilleggsnæringar som er mest utbreidde, kor høg sysselsetting dei har, og kva verdiskaping tilleggsnæring gjev i dei ulike fylka.

Utrekninga av verdiskaping vert i hovudsak gjort på same måten som for jordbruket (sjå kap 4.1.1), det er likevel nokre skilnader. I berekninga av tilleggsnæring har vi ikkje

opplysningar om familiens arbeid på nyanlegg og eventuelle kostnader til jordleige. Det er grunn til å tru at jordleige betyr lite for tilleggsnæringar.

I berekningane av verdiskaping for tilleggsnæring på bruk over 8 ESU, nyttar vi tal frå driftsgranskingane. Ved hjelp av driftsgranskingane kan vi også berekne kor mange prosent av bruka som har tilleggsnæring.

Verdiskapinga i tilleggsnæring på mindre bruk vert berekna med data frå spørjeundersøkinga på mindre bruk (Sjelmo m.fl., 2006). Utrekninga vert gjort på same måten som for større bruk. Tal bruk ein nyttar i denne berekninga, er differansen mellom tal bruk hjå SLF og tal bruk som er med populasjonen for driftsgranskingane.

Når ein har berekna verdiskaping både på større og mindre bruk, kan ein slå desse saman, og omtale dei som samla verdiskaping for tilleggsnæring.

## 6.2 Definisjon av tilleggsnæring

Hjå NILF er tilleggsnæring definert som:

*«Næringsaktivitet på gardsbruk/jordbrukseigedom som vert driven i tillegg til/ved sida av tradisjonelt jordbruk (jordbruk og/eller skogbruk), kor ein eller fleire av ressursane på bruket (areal, bygningar, maskiner og jordbruksråvarer) inngår som faktorinnsats i produksjonen ikkje som tilleggsnæring, men som jordbruk).»*

Likevel vert ikkje all slik produksjon rekna som tilleggsnæring i driftsgranskingane. Skål eit deltakarbruk bli definert som eit bruk med tilleggsnæring, må enten familien ha utført minst 200 timar i verksemda, driftsoverskotet må vere minst kr 10 000, eller egedelane i verksemda må ha ein verdi på minst kr 100 000.

SSB definerer tilleggsnæring på nokolunde same måte, men dei inkluderer også pelsdyrhald, birøkt, og utleige av jord til jordbruksføremål, noko som driftsgranskingane definerer som jordbruk.

## 6.3 Tal jordbruksbedrifter med tilleggsnæring

For å finne tal bruk som driv med tilleggsnæring i Aust- og Vest-Agder, kan vi nytte tal frå SSB sin jordbruksstatistikk frå 2005. Det må presiserast at tal bruk med tilleggsnæring vil her vere med utgangspunkt i definisjonen til SSB. Tala viser at Aust-Agder har 801 jordbruksbedrifter der 63 prosent av desse har ei tilleggsnæring, noko som vil seie 505 bruk. Vest-Agder har 1 297 jordbruksbedrifter. Av desse har 49 prosent tilleggsnæring, noko som tilsvarer 636 bruk. Aust-Agder ligg i prosent godt over landsgjennomsnittet som er på 48 prosent, og Vest-Agder ligg tilnærma likt med landsgjennomsnittet.


SLF opererer også med tal bruk som det vert gitt tilskot til. I 2006 viste deira oversikt at Aust-Agder hadde 720 jordbruksbedrifter, medan Vest-Agder hadde 1 190 jordbruksbedrifter. SLF seier ikkje noko om kor mange av desse som driv med tilleggsnæring.

I driftsgranskingane trekker ein ut eit tilfeldig representativt utval av jordbruksbedriftene. I 2006 besto driftsgranskingane av 912 bruk på landsbasis, av desse hadde 487 registrert tilleggsnæring, eller 53 prosent av bruka. For Agder-fylka er det til saman registrert 53 bruk i driftsgranskingane og 35 av desse har tilleggsnæring. Det er 28 bruk i Aust-Agder, og 18 av desse har tilleggsnæring (64 %). I Vest-Agder er det 25 bruk med i driftsgranskingane, 17 av desse har tilleggsnæring (68 %). Dette er godt over landsgjennomsnittet, og ein høgare prosentdel enn data frå SSB viser. Noko av forklar-

inga på skilnadene mellom SSB og driftsgranskingane at driftsgranskingane er eit utval av bruk med standard dekningsbidrag over 8 ESU.

Figur 6.1 tek utgangspunkt i registreringane til SSB, og viser tal jordbruksbedrifter i Aust- og Vest-Agder som driv med ulike tilleggsnæringar. Jordbruksbedrifter som driv med fleire ulike tilleggsnæringar, er her registrerte fleire plassar, noko som gjer at tal tilleggsnæringar i figuren verte høgare enn tal bruk som er registrert med tilleggsnæring.


I begge fylka er det leigekøyring som dominerer. I Aust-Agder er det 235 jordbruksbedrifter som driv med ei eller annan form for leigekøyring, tilsvarande tal for Vest-Agder er 319 bruk. For Vest-Agder er foredling av eige skogvirke, som til dømes sal av ved, ei viktig tilleggsnæring for mange bønder. Utleige av jakt- og fiskerettar, camping, annan turisme og utleigeverksemd er like utbreidd i begge fylka.



Figur 6.1 Tal jordbruksbedrifter med ulike tilleggsnæringar, i Aust- og Vest-Agder

Kjelde SSB (2005a)

I figur 6.2 kan vi sjå dei mest utbreidda tilleggsnæringane for Agder-fylka samanlikna med tal frå heile landet. Ein ser at leigekøyring er viktig i Agder, og her ligg Agder over landsgjennomsnittet. Det same kan ein seie om foredling av eigen skog, også her ligg Agder godt over landsgjennomsnittet. Utleige av jakt- og fiskerettar og utleige av driftsbygningar eller våningshus, er næringar der Agder ligg under landsgjennomsnittet.



Figur 6.2 Prosentvis fordeling av ulike tilleggsnæringar i Agder-fylka samanlikna med tal for heile landet (SSB 2005a)

## 6.4 Sysselsetting i tilleggsnæring

Ifølgje SSB sine jordbruksundersøkingar vart det for tilleggsnæringar i Aust- og Vest-Agder utført 290 000 arbeidstimar eller 157 årsverk i 2005. Av dette hadde Aust-Agder 103 000 arbeidstimar eller 56 årsverk med tilleggsnæring. Når fylket ifølgje SSB har 505 jordbruksbedrifter som driv med tilleggsnæring, vert gjennomsnittleg arbeidstid på tilleggsnæring 204 timar ved kvar jordbruksbedrift. I Vest-Agder var det 187 000 arbeidstimar eller 101 årsverk i tilleggsnæring i 2005, som gjev 294 timar per jordbruksbedrift.

Nyttar ein data frå NILFs driftsgranskingar (NILF, 2007a), var arbeidsforbruket på tilleggsnæring per jordbruksbedrift 297 timar i 2006 i Aust-Agder. I Vest-Agder var tilsvarende tal 367 timar.

## 6.5 Verdiskaping i tilleggsnæring

### 6.5.1 Verdiskaping på større bruk

Tabell 6.1 viser verdiskaping for tilleggsnæring på større bruk. Ein ser at verdiskapinga per bruk er nesten kr 20 000 høgare i Aust-Agder enn i Vest-Agder. Når det ikkje er større skilnad mellom fylka i prosentdel av bruk som har tilleggsnæring, gjer det at Vest-Agder har høgast verdiskaping med vel 37 mill. kr. Aust-Agder har i overkant av 23 mill. kr, noko som gjer at fylka til saman har ein berekna verdiskaping rundt 60 mill. kr i tilleggsnæring til jordbruket.

Tabell 6.1 Verdiskaping på større bruk

Fylke	Tal bruk	Prosent bruk med tilleggsnæring	Verdiskaping per bruk, kroner	Verdiskaping i alt, kroner
Aust-Agder	453	64 %	79 741	23 106 000
Vest-Agder	902	68 %	60 486	37 120 000
Agder	1 355	66 %	67 377	60 226 000

### 6.5.2 Verdiskaping på mindre bruk

Verdiskapinga i tilleggsnæring på dei mindre bruka er lågare enn på større bruk (Sjelmo m.fl., 2006). Det er færre bruk i denne gruppa, og det er også ein mindre del av bruka som har tilleggsnæring (op cit). Tabell 6.2 viser at i Aust-Agder er berekna verdiskaping mellom 2,4 og 2,5 mill. kr. I Vest-Agder er verdiskapinga mellom 2,6 og 2,7 mill. kr. For begge fylka samla er verdiskapinga i underkant av 5,1 mill. kr på bruk med mindre enn 8 ESU i standard dekningsbidrag.

Tabell 6.2 Verdiskaping på mindre bruk

Fylke	Tal bruk	Prosent bruk med tilleggsnæring	Verdiskaping per bruk, kroner	Verdiskaping i alt, kroner
Aust-Agder	267	30 %	30 600	2 451 000
Vest-Agder	288	30 %	30 600	2 644 000
Agder	555	30 %	30 600	5 095 000

### 6.5.3 Verdiskaping samla

I tabell 6.3 er verdiskapinga frå større og mindre bruk slått saman. Resultata viser at Aust-Agder har ei berekna verdiskaping 25,6 mill. kr, medan Vest-Agder har ei berekna verdiskaping på 39,8 mill. kr. For begge fylka samla er verdiskapinga i tilleggsnæringar på 65,3 mill. kr.

Tabell 6.3 Verdiskaping samla

Fylke	Tal bruk	Verdiskaping på bruk over 8 ESU	Verdiskaping på bruk under 8 ESU	Verdiskaping på alle bruk
Aust-Agder	720	23 106 000	2 451 000	25 557 000
Vest-Agder	1 190	37 120 000	2 644 000	39 764 000
Agder	1 910	60 226 000	5 095 000	65 321 000

### 6.5.4 Tilleggsnæring i forhold til jordbruk

Vi har i dette kapittelet gått igjennom tilleggsnæring, for å vise verdiskapinga. Det er likevel viktig å poengtere, at sjølv om tilleggsnæringane er viktige, er dei vesentleg mindre enn jordbruket. For begge Agder-fylka er verdiskapinga i 332 mill. kr i jordbruket, medan det i tilleggsnæringane var ei verdiskaping på 65 mill. kr. Dette viser at tilleggsnæringane samla har ei verdiskaping tilsvarande 20 prosent av verdiskapinga i jordbruket. For Aust-Agder var det i jordbruket ei verdiskaping på 135 mill. kr, medan

tilleggsnæringane hadde nærmare 26 mill. kr. For Vest-Agder gav jordbruket ei verdiskaping på 197 mill. kr, medan tilleggsnæringane hadde ei verdiskaping på nesten 40 mill. kr.

Økonomien er låg i mange produksjonar i jordbruket, og nokre er avhengige av ei eller fleire tilleggsnæringar for å supplere økonomien, eventuelt også for å kunne oppretthalde drifta på bruket. Kjenneteiknet for Agder-jordbruket er at svært mange av jordbruksbedriftene driv ei eller anna form for tilleggsnæring. Data frå driftsgranskingane og SSB viser at tilleggsnæringar er meir utbreidde i Agder enn for landsgjennomsnittet.



# 7 Ringverknader

---

Gjennom dette prosjektet har vi rekna ut samla verdiskaping og sysselsetting for jordbruk og tilleggsnæringar i Agder. Vi får då eit uttrykk for direkte verknad av næringane. I tillegg til den direkte verknaden, har jordbruket verknad på lokalsamfunna i form av aktivitet og verdiskaping. I dette kapittelet har vi berekna ringverknader av jordbruk og tilleggsnæring.

## 7.1 Ringverknader av landbruket for andre sektorar

I tillegg til verdiskaping og sysselsetting i jordbruk og tilleggsnæringar, kjem ringverknader av næringsaktivitet i landbruket for andre næringar. Det kan vere transport av varer til og frå jordbruksbedrifter, foredling av jordbruksråvarer og sal av tenester etc.

Eit uttrykk for ringverknadene av ein sektor på ein produksjon, sysselsetting og inntekt, kan ein få ved å rekne ut multiplikatorar (Romarheim 2003). Sysselsettingsmultiplikatoren for ein basisproduksjon måler endringa i total sysselsetting i eit område som følgjer av at ein endrar sysselsettinga i basisproduksjonen med ei eining.

Inntektsmultiplikatoren for ein basisproduksjon måler endringar i total inntekt i eit område som følgjer når ein endrar inntekta til basisproduksjonen med ei eining. Ein metode for utrekning av multiplikatorar er å føreta ein kryssløpsanalyse for å klarlegge samband mellom ulike næringar i eit område og på kva måte dei er avhengige av kvarandre (Romarheim 2003). Ein slik analyse er svært ressurskrevjande, og det er ikkje gjort egne studiar av ringverknader i dette prosjektet. Vi nyttar derfor multiplikatorar frå tidlegare studiar. Det er ein tendens til at kommunar med lite variert næringsliv og få tilsette i tertiærnæringane også har lågast multiplikator. Dette må ein ta omsyn til ved tolking av resultatane.

I ein studie av sysselsetting og inntekt i Alstadhaug kommune (Romarheim 2003) er sysselsettingsmultiplikatoren sett til 1,6 for primærnæringane. I ein studie frå Østfold og Akershus (Aanesland og Holm 2005) varierte sysselsettingsmultiplikatoren frå 1,5 til 1,8 mellom ulike kommunar.

Samla sett har vi berekna sysselsettinga i jordbruket til 3,67 mill. arbeidstimar i Agder. Dette tilsvarer 1 987 årsverk á 1 845 timar. For tilleggsnæring på jordbruksverk-

semder er tilsvarande data 290 000 timar og 157 årsverk. For jordbruk og tilleggsnæringar vil data for ringverknader vere følgjande dersom vi nyttar sysselsettingsmultiplikator på 1,6:

$2\,144 \text{ årsverk} \times 1,6 = 3\,430$ . Ringverknader for sysselsetting blir  $3\,430 - 2\,144 = 1\,286$ .

Det vil seie at dei 2 144 årsverka i landbruket genererer 1 286 årsverk i andre næringar i dei to Agder-fylka.<sup>12</sup>

Inntektsmultiplikatoren er i same studien frå Alstadhaug sett til 1,8 for primærnæringane. Verdiskapinga i jordbruket i Agder er utrekna til 332 mill. kr medan verdiskapinga i tilleggsnæring er rekna ut til 65 mill. kr. Til saman for dei to næringane er verdiskapinga 397 mill. kr.

Nyttar vi inntektsmultiplikator på 1,8 for Agder, vert verdiskaping av jordbruk og tilleggsnæring og ringverknad  $397 \times 1,8 = 714$  mill. kr. Ringverknaden vert  $714 - 397 = 317$  mill. kr.

## 7.2 Fellesgode

I alle dei utførde berekningane er det talfesta kor stor verdiskapinga er i kroner, og kor stor sysselsettinga er i form av årsverk som er knytte til jordbruk og tilleggsnæring i Agder.

I tillegg til dei målte storleikane, skaper jordbruksaktivitet andre etterspurde produkt for samfunnet. Slike produkt kan vere fellesgode i form av kultur, historie, kulturlandskap, biologisk mangfald og opplevingar. Dette er fellesgode som ikkje lar seg måle ettersom dei ikkje kan omsetjast i ein marknad.

Jordbruket er også ei viktig næring for busetnad i alle bygder i Agder, og der i gjennom ein viktig faktor for å oppretthalde infrastruktur og tenestetilbod i mange bygdesamfunn.

---

<sup>12</sup> Ringverknadene vil vere avhengige av storleiken på det området ein analyserer. Vi har likevel nytta dei multiplikatorane som Romarheim nytta for ein kommune, for Agder-fylka.

## 8 Oppsummering

---

Agder har det meste av busettinga konsentrert i eit belte langs kysten. Det er om lag 268 000 innbyggjarar i Agder, og det utgjer 5,7 prosent av innbyggjarane i Noreg. Fylka er små, men geografisk er det store variasjonar. Her er høgfjell med vidder, kyst med skjergard og tusenar av øyar og holmar, djupe fjordar og skogkledde dalar og jordbruksområde. Nokre kommunar har store areal som ligg over tregrensa, og fleire av innlandskommunane har få innbyggjarar. Berggrunnen i kommunane har lite lausmassar, og består i all hovudsak av granitt og gneis som er ein næringsfattig berggrunn. Dette er årsaka til at berre ein liten del av arealet i fylka er dyrka jord. For innlandskommunane utgjer skog ein viktig ressurs, og skogarealet er svært høgt i mange av kommunane. Verdiskapinga i skogen kjem ikkje fram av undersøkinga vår.

Vest-Agder har meir jordbruksareal enn Aust-Agder, og på Lista i Farsund kommune finn ein marine lausavsetningar, som forklarar mykje av den høge jordbruksaktiviteten. Aust-Agder har eit gunstigare klima enn Vest-Agder, og i kyststrøka har klimaet saman med gunstig topografi, gjeve gode forhold for jordbruk. Her er det allsidig planteproduksjon med eit stort innslag av hagebruk.

Verdiskapinga i jordbruket er større i Vest-Agder enn i Aust-Agder, med høvesvis 197 og 135 mill. kr, og det heng saman med storleiken på jordbruksarealet. Det er mjølkeproduksjon som er den dominerande husdyrproduksjonen. Det er også mykje sau i fylka, men lønsemda i sauenæringa er generelt låg, og det viser att i verdiskapinga.

Farsund kommune har med 29 mill. kr den største verdiskapinga i jordbruket i Vest-Agder, og det er den kommunen med størst mjølkeproduksjon. Kristiansand kommune, som har nesten halvparten av alle innbyggjarane i fylket, har lågast verdiskaping frå jordbruket med 8 mill. kr. Det kan skuldast at her er næringslivet svært variert og tilgang på anna og betre betalt arbeid, er større. Vi ser også at jordbruket i Kristiansand har eit høgt innslag av hestehald, som er blitt meir vanleg i eit bynært landbruk.

I Aust-Agder er det planteproduksjon, ved sida av husdyrproduksjon som dominerer jordbruksverksemda i fylket. I Grimstad kommune er dei naturgitte høva svært gunstige for jordbruksproduksjon, og kommunen er på landsbasis ein stor og viktig produsent og leverandør av hagebruksprodukt. Grimstad og Arendal har over 50 prosent av innbyggjarane i Aust-Agder. I motsetnad til Vest-Agder, er det i dei folkerike kommunane i

Aust-Agder kor verdiskapinga i jordbruket er størst, med 53 mill. kr for Grimstad og 17,5 mill. kr for Arendal.

Agder-fylka har høgare innslag av bruk med tilleggsnæring samanlikna med resten av landet. Tilleggsnæring er generelt viktig for landbruket i Agder, og spesielt for enkeltbruk. Resultata viser at Aust-Agder har ei berekna verdiskaping i tilleggsnæring på 25 mill. kr og Vest-Agder 40 mill. kr.

Like viktig som den målbare produksjonsverdien for jordbruksverksemda, er ringverknadene jordbruket skaper. Nyttar vi inntektsmultiplikator, som er føresettt å vere på 1,8 for Agder, vert verdiskaping av jordbruk, tilleggsnæring og ringverknad 714 mill. kr.

I tillegg til dei målbare storleikane, skaper jordbruksaktivitet andre etterspurde produkt for samfunnet. Slike produkt kan vere fellesgode i form av kultur, historie, kulturlandskap, biologisk mangfald og opplevingar. Dette er fellesgode som ikkje lar seg måle, eller som ein kan omsetje i ein marknad.

Jordbruket er også ei viktig næring for busetnad i alle bygder i Agder, og der i gjennom ein viktig faktor for å oppretthalde infrastruktur og tenestetilbod i mange bygdesamfunn. Det er registrert næringsverksemd i jordbruk og tilleggsnæring i samtlege kommunar i Aust- og Vest-Agder.

# Kjelder

---

- Jakobsen, H. 2008. FMLA i Vest-Agder. Produksjonsomfang i veksthus. Pers. med
- Kjesbu, E., Sjelmo, O. og Holien, S.O., 2006. *Verdiskaping og sysselsetting i jordbruket i Sør-Trøndelag*. NILF-notat 2006-11. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Kjesbu, E. og Sjelmo, O., 2007. *Verdiskaping og sysselsetting i jordbruket i Møre og Romsdal*. NILF-notat 2007-10. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Lien, G., Skarsem, K., Ørbeck, M. og Stornes, O.K., 2004. *Verdiskaping og sysselsetting i Hedmarksjordbruket*. NILF-notat 2004-10. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- NILF 2007. Handbok for driftsplanlegging 2006/2007. NILF. Oslo.
- Romarheim, H., 2003. Vurdering av sysselsetting og inntekt i Alstahaug kommune – med særlig vekt på primærnæringane. NILF-notat 2003-11. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Sjelmo, O., Holien, S.O. og Skarsem, K., 2005. *Verdiskaping og sysselsetting i jordbruket i Sør-Trøndelag*. NILF-notat 2005-12. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Sjelmo, O., Stokke, K., Paulsen Rye, S.K., Øyen, B.V., Hundstad, T. og Kjesbu, E., 2006. *Forprosjekt tilleggsnæringer – avklaring av driftsgranskinganes representativitet for mindre bruk*. NILF-notat 2006-10. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo
- SLF 2008. [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no) Lasta ned 18.02.08
- SNL 2008. [www.snl.no](http://www.snl.no) Lasta ned 04.03.08
- SSB(2005):[http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default\\_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selectvarval/define.asp&Tabellid=04797](http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selectvarval/define.asp&Tabellid=04797). Lasta ned 11.02.08.
- SSB 2008a. Kommuner i Vest-Agder. <http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=10>. Lasta ned 20.02.08
- SSB 2008b. Kommuner i Aust-Agder. <http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=09>. Lasta ned 20.2.08
- SSB 2008c. Sysselsetning i jordbruket. [http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default\\_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selectvarval/define.asp&Tabellid=03219](http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selectvarval/define.asp&Tabellid=03219). Lasta ned 11.02.2008
- Stornes, O.K., Køhn, E. og Grevsrud, R., 2005. *Betydningen av landbruket for verdiskaping og sysselsetting i Nord-Norge*. NILF-notat 2005-8. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Stornes, O.K. 2006. *Birøkt i Nord-Norge og på Vestlandet*. NILF-notat nr. 2006-3. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Aanesland, N., Holm, O., 2005. *Landbrukets betydning for sysselsetting og inntekt i Akershus og Østfold*. Rapport nr 28. Universitetet for miljø- og biovitenskap, Ås.



# Vedlegg 1a. Tal for einingar og kostnader for alle produksjonar og i sum for Agder

Produksjon	Besetn.st.	tal bruk i kom.	Tal i sum enheter	Daa korn per bruk	tal enh korn	Kostnader leigd hjelp komm	Kostnader jordleige komm	Kostnader avskrivn. komm	Sum kostn. Jordbruket komm
Mjolk indre bygder	< 15 kyr	124	1 458	0	0	8 670 710	1 550 463	8 112 507	59 864 145
"	> 15 kyr	97	2 096	681	1 611	8 393 388	2 279 675	11 684 220	77 861 360
Mjolk ytre bygder	< 15 kyr	112	1 189	226	617	5 722 692	1 306 695	7 194 450	47 667 545
"	> 15 kyr	161	3 052	53	210	17 123 947	1 911 128	26 467 496	134 872 057
	0	-	-	0	-	-	-	-	-
	0	-	-	0	-	-	-	-	-
	0	-	-	0	-	-	-	-	-
Totalt mjolkprod	0	494	7 795	0	2 438	39 910 736	7 047 961	53 458 673	320 265 106
Ammekyr	0	180	2 783	820	3 591	5 107 526	1 826 326	12 190 674	79 027 722
Sauehald	< 75	358	21 096	94	822	7 312 312	336 062	13 773 859	67 638 824
"	> 75	157	21 097	37	142	6 101 569	641 086	7 755 562	49 115 561
	0	-	-	0	-	-	-	-	-
Totalt sauehald	0	515	42 193	0	964	13 413 881	977 148	21 529 421	116 754 384
Fjorfekjot	0	1	100 750	5 412	188	92 632	9 836	187 038	2 179 854
Svin	0	34	1 514	902	737	1 302 042	140 746	5 271 632	54 825 761
	0	-	-	0	-	-	-	-	-
Totalt svin	0	34	1 514	0	737	1 302 042	140 746	5 271 632	54 825 761
Egg	0	39	135 772	4 592	4 336	2 191 721	84 167	3 225 835	38 058 776
Potet/korn	0	12	783	7 790	2 255	187 217	222 978	935 118	4 071 159
korn	0	14	4 182	11 849	4 182	30 576	70 761	790 760	3 599 429
korn	0	-	-	0	-	-	-	-	-
Totalt einssidig korn	0	14	4 182	11 849	4 182	30 576	70 761	790 760	3 599 429
grønsaker/potet/husdyr/korn/grasfrø	0	25	4 070	6 847	4 221	8 977 739	2 583 311	4 507 830	47 078 696
Veksthus gr.sak	0	15	15 069	0	0	0	0	2 411 040	8 453 709
Veksthus blomster	0	102	101 780	0	0	-0	-0	13 930 832	98 391 539
Bær/frukt/potet/mjolk	0	41	1 289	410	759	13 294 459	425 925	2 993 229	29 669 863
Pelsdyr	0	24	12 628	0	0	671 349	-0	159 098	4 148 226
Birøkt	0	344	310 000	0	0	-0	-0	1 820 000	7 070 700
Sum		1 840	740 608	37 720	23 671	85 179 878	13 389 160	123 411 180	813 594 925

# Vedlegg 1b. Tal for inntekter og verdiskaping for alle prod. og sum for Agder-fylka

Produksjon	Besetn.st.	Marknads-		Tilskot		Sum prod.		Drifts-		Fam arb		Arb.forbr.		Arb.forbr.		Brutto-		Netto-		
		inntekter	inntekter	totalt	inntekter	overskot	på nyanl.	Arb.forbr.	Arb.forbr.	Arb.forbr.	Arb.forbr.	Arb.forbr.	Arb.forbr.	Arb.forbr.	Arb.forbr.	Arb.forbr.	Arb.forbr.	Arb.forbr.	Arb.forbr.	Arb.forbr.
		komm	komm	komm	komm	komm	komm	komm	komm	komm	komm	komm	komm	komm	komm	komm	komm	komm	komm	komm
Mjolk indre bygder	< 15 kyr	45 652 434	33 299 134	78 951 567	19 087 423	-0	384 775	209	37 421 102	29 308 595										
"	> 15 kyr	68 987 440	36 154 824	105 142 264	27 280 904	539 642	364 767	198	50 177 829	38 493 609										
Mjolk ytre bygder	< 15 kyr	35 206 224	25 318 596	60 524 821	12 857 276	165 540	290 409	157	27 246 652	20 052 202										
"	> 15 kyr	115 179 694	57 490 633	172 670 327	37 798 270	532	480 323	260	83 301 374	56 833 877										
	0	-	-	-	-	-	-	-	-	-										
	0	-	-	-	-	-	-	-	-	-										
	0	-	-	-	-	-	-	-	-	-										
Totalt mjolkprod	0	265 025 792	152 263 187	417 288 979	97 023 873	705 714	1 520 274	824	198 146 957	144 688 284										
Anmekyr	0	50 004 622	44 103 321	94 107 942	15 080 220	2 542 439	389 541	211	36 747 185	24 556 511										
Sauehald	< 75	30 645 124	49 125 878	79 771 003	12 132 179	931 979	503 259	273	34 486 392	20 712 533										
"	> 75	29 041 021	38 532 268	67 573 289	18 457 729	504 399	365 614	198	33 460 344	25 704 782										
	0	-	-	-	-	-	-	-	-	-										
Totalt sauehald	0	59 686 146	87 658 146	147 344 292	30 589 908	1 436 378	868 874	471	67 946 736	46 417 314										
Floerfekt	0	2 339 383	205 975	2 545 358	365 504	93 883	3 440	2	748 894	561 855										
Svin	0	59 462 564	4 214 743	63 677 306	8 851 545	806 633	80 274	44	16 372 598	11 100 966										
"	0	-	-	-	-	-	-	-	-	-										
Totalt svin	0	59 462 564	4 214 743	63 677 306	8 851 545	806 633	80 274	44	16 372 598	11 100 966										
Egg	0	41 086 438	4 155 589	45 242 027	7 183 251	-15 059	79 183	43	12 669 915	9 444 080										
Potet/korn	0	4 429 075	1 005 178	5 434 253	1 363 095	-6 300	17 875	10	2 702 109	1 766 991										
korn	0	2 618 699	1 568 178	4 186 877	587 448	45 423	10 592	6	1 524 968	734 209										
korn	0	-	-	-	-	-	-	-	-	-										
Totalt einssidig korn	0	2 618 699	1 568 178	4 186 877	587 448	45 423	10 592	6	1 524 968	734 209										
grønsaker/potet/husdyr/korn/igrasfrø	0	60 351 849	3 396 819	63 748 668	16 669 972	43 685	154 072	84	32 782 537	28 274 707										
Veksthus gr.sak	0	11 301 750	0	11 301 750	2 848 041	0	21 130	11	5 259 081	2 848 041										
Veksthus blomster	0	130 183 235	-0	130 183 235	31 791 695	-0	225 341	122	45 722 527	31 791 695										
Bær/frukt/potet/mjolk	0	32 754 624	6 288 182	39 042 806	9 372 943	-13 950	226 634	123	26 072 606	23 079 377										
Pelsdyr	0	4 512 157	-0	4 512 157	363 931	-0	8 811	5	1 194 378	1 035 280										
Bløtt	0	12 428 000	-0	12 428 000	5 357 300	-0	59 150	32	7 177 300	5 357 300										
Sum		736 184 334	304 859 318	1 041 043 652	227 448 727	5 638 846	3 665 190	1 987	455 067 791	331 656 610										